

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 27.05.2014  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 20.05.2014

Idar Tarberg  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 52/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 53/14	Protokoll frå førre møte.
PS 54/14	Delegerte saker
PS 55/14	Referatsaker
PS 56/14	Violet og Arnstein Andersen 45/1 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bustadtomt.
PS 57/14	Marit Bøe 13/17 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen m.m. med sikte på deling grunneigedom.
PS 58/14	Inglaug Dybvik 21/19,36 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av 3 naust i rekkje og utlegging av flytebrygger.
PS 59/14	Gnr 31 Bnr 1 -Frådelling av bustadtomt
PS 60/14	Mesterhus Volda 31/4 - Søknad om dispensasjon frå krav om bygging av gang- og sykkelveg i reguleringsplan for Hjelmeset 3
PS 61/14	Forskrift om fartsavgrensing i farleia gjennom Straumane i Herøy kommune.

### Delegerte saker frå avdelingane

DS 169/14	Jakob Kopperstad - 3/5 - Løyve til riving av falleferdig løde og planering av areal
DS 170/14	Johnny Ingebrigtsen 36/31 - Løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustadhus
DS 171/14	Anette Paulsen - 29/37 - tilbygg/altan
DS 172/14	Darlin og Oskar Hovlid 58/46 - Løyve til bygging av terrasse
DS 173/14	Tjørvgå IL - 58/32 - Støttemur
DS 174/14	MCO Bygg AS 76/142 - Mellombels bruksløyve for hytte nr. 22 på Budaneset
DS 175/14	Sindre Vike - 4/237 - Garasje
DS 176/14	Herøy kommune - 37/257 og 280 - Igangsetting nybygg
DS 177/14	Tjørvgå IL - 58/32 - aktivitetspark
DS 178/14	Steen Seppola - 30/30 - Igangsetting delar av bygg
DS 179/14	Radoslolv Usynski 60/110 - Løyve til oppføring av garasje og tilbygg til bustadhus

- DS 180/14 Mørenett as - 59/25 og 26 - Riving
- DS 181/14 Jan Frode Farstad - 37/201 - Fasadeendring og bruksendring
- DS 182/14 Johan Sundnes 23/23 - Løyve til tilbygg og fasadeendring til bustadhus
- DS 183/14 Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Igangsetting resterande arbeid
- DS 184/14 Harald Bendal - 29/65 - Rehabilitering av skorstein
- DS 185/14 Anne Karen Storøy og Sveinung Storøy 30/110 - Løyve til tiltak - fasadeendring og ombygging av bustadhus
- DS 186/14 Herøy Kyrkjelege fellesråd - 60/45 og 376 - Igangsetting utviding Moltu gravplass
- DS 187/14 Herøy Byggsenter as - 30/122 - Igangsetting resterande arbeid
- DS 188/14 Ferdigattest -55/28- Avløpsanlegg
- DS 189/14 Herøy Byggsenter AS 27/103 - Endring av løyve - Naustrekkje i Flusund
- DS 190/14 Herøy Byggsenter AS 27/103 - Mellombels bruksløyve for naustrekkje i Flusund
- DS 191/14 Orlaug Nerem 33/90 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 192/14 Olav Kåre Hildre 38/136 - Løyve til fasadeendring og tilbygg til bustadhus
- DS 193/14 Marvin Kopperstad 3/3 - Løyve til oppføring av tilbygg, ombygging og fasadeendring på eksisterande bustadhus
- DS 194/14 Gnr 60 bnr 32 - Frådeling av bustadtomt
- DS 195/14 Fosnavåg Parkering 34/360 - Ansvarsrett for prosjektering og montering av ventilasjonsanlegg i parkeringshus
- DS 196/14 Fosnavåg Parkering 34/360 - Mellombels bruksløyve for deler av parkeringshus i Gerhard Voldnes veg
- DS 197/14 Herøy kommune - 34/446 m.fl. - Løyve til riving og oppføring av ny kai i Fosnavåg sentrum - ytre almenningsskai
- DS 198/14 Linda Arnesen og Endre Tjervåg 56/94 - Ferdigattest garasje
- DS 199/14 Arve Olsen 44/118 - Endring av løyve - Oppføring av uthus
- DS 200/14 Kristi Ulstein 45/26 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 201/14 Svein Nerland - 19/63 - Tilbygg carport
- DS 202/14 Børge Berstad - 33/25 - Altan
- DS 203/14 Sølvi Voldnes - 81/15 - Terrasse
- DS 204/14 Ferdigattest - 4/306
- DS 205/14 Nils Gunnatr Valde - 45/159 - Endring av gitt løyve
- DS 206/14 Trond Tellefsen 36/40 - Endring av løyve - Ny plassering av garasje
- DS 207/14 Anita Fjørtoft og Roger Gjelseth - 26/138 - Støttemur

- DS 208/14 Herøy Vasslag SA - 42/4 - oppføring av ventilhus
- DS 209/14 Mellombels bruksløyve 24/85
- DS 210/14 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Endring av løyve - ny plassering av garasje
- DS 211/14 Gnr 25 Bnr 8 Frådeling av tomt med påståande bustadhus
- DS 212/14 Tømrer Prosjekt AS 60/430 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, støttemur, etablering av ny avkøyrsløse og opparbeiding av terreng utomhus
- DS 213/14 Asbjørn Toftesund 47/12 - Ferdigattest for tilbygg til bustadhus
- DS 214/14 Ferdigattest garasje 15/2
- DS 215/14 Gnr 28 Bnr 5 Frådeling av tomt med påståande bustadhus

#### Referatsaker

- RS 11/14 Høring - Ny forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, samt endring i forskrift for tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

PS 52/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 53/14 Protokoll frå førre møte.

PS 54/14 Delegererte saker

PS 55/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/256
		Arkiv:	45/1

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/14	Maritim og teknisk komite	27.05.2014

### **VIOLET OG ARNSTEIN ANDERSEN 45/1 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

**Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 850 m<sup>2</sup> frå gnr. 45 bnr. 1 i Dragsund i Herøy.**

**Dispensasjonen er grunngjeven med at den omsøkte tomte ligg innanfor område som er avsett til bustadformål og at den vert greitt tilpassa øvrig busetnad i området.**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Violet og Arnstein Andersen, Øvre Dragsund, 6080 Gurskøy

**Vedlegg:**

Kopi av dispensasjons- og delesøknad m/vedlegg frå Violet og Arnstein Andersen, begge datert 20.02.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 14.04.2014.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 14.04.2014.

Kopi av ortofoto i M 1:500 for det aktuelle området.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Violet og Arnstein Andersen har med utfylt søknadsskjema, datert 20.02.2014, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av ei bustadtomt frå gnr. 45 bnr. 1 i Dragsund. Utfylt delesøknad av same dato følgjer også vedlagt.

Søknaden vart sendt på høyring med brev av 28.02.2014. Ein har no motteke uttale frå tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:**

Den aktuelle tomta er på om lag 850 m<sup>2</sup> og ligg på austsida og inntil privat veg i øvre Dragsund. Nemnde privatveg knyter seg til kommunal veg om lag 60 meter sør for omsøkt tomtegrense. Eigar av gnr. 45 bnr. 1 har i skriftleg erklæring stadfesta at tomta vil ha vegrett over hovudbruket.

Det vart opprinneleg søkt om frådelling med brev av 02.02.2014. Med brev av 12.02.2014 vart det tilbagemeldt frå kommunen at tiltaket var avhengig av ein dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen og at dispensasjonssøknad måtte innsendast før saka kunne realitetsbehandlast. Dispensasjons- og delesøknad, begge datert 20.02.2014, vart der etter innsendt.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 14.04.2014**

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har særlege merknader til dispensasjonssøknaden.

**Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 14.04.2014**

Fylkeskommunen uttalar også at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

## **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanen er vist som byggeområde med plankrav. Ei frådelling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2.

Korkje Fylkesmannen eller Fylkeskommunen har merknader til søknaden. Det omsøkte tiltaket vil etter kommunen si vurdering vere godt tilpassa ei framtidig heilskapleg løysing for området. Det er ikkje påvist spesielle naturforekomstar eller sårbare artar i det aktuelle området og tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Basert på dei vurderingane som er gjort ovanfor og knytta konkret opp mot det her aktuelle tiltaket er det såleis rådmannen sitt syn at ein dispensasjon som omsøkt korkje vil tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon.

### **Konsekvensar for folkehelse:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

### **Konsekvensar for beredskap:**

Det omsøkte tiltaket har ingen konsekvensar for beredskapen i området.

### **Konsekvensar for drift:**

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 28.04.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten





## Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom: *Klippen*Gnr. *45*Bnr. *1*

Festnr. \_\_\_\_\_

Kort omtale av tiltaket:

*Gjeld søknad om frideling av tomt på Gnr. 45 Bnr. 1 i Sør Dragsund i Herøy kommune*

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

*- Dispensasjon frå plankravet i kommuniplanen*

Grunngeving:

*Grunnen til søknaden er at man ønsker oppføring av bustadhus på den omsøkt fridelte tomten*

Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: *1a og 1b*

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: *2a og 2b*

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn *Violet og Arnstein Andersen*Adresse *Sør Dragsund*Postnr. *6080*Postadr. *Gursleip*Telefon *93049786*Mobiltlf. *93049786*Dato: *20.02.14*

*Violet Andersen*  
signatur

Skriv ut

# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning



Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigdomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast:

**Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG**

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/373	Saksbeh. HR
24 FEB. 2014	
Ark. kode P 45/1	Ark. kode S
J. nr.	Dok. nr. 1
Kassasjon	

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvidere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
45	1			Violet og Arnstein Andersen
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

<p><b>Sakstype I og II (PBL§20-1)</b></p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom</p> <p><input type="checkbox"/> Anleggseigedom</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</p> <p><input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i>)</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt</p> <p><input type="checkbox"/> Oppretting av punktbeste</p> <p><input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____</p> <p><input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)</p>	<p><b>Sakstype III (Matrikellova)</b></p> <p><input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)</p> <p><input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)</p> <p><input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. §31)</p> <p><input type="checkbox"/> Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr. § 32)</p> <p><input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)</p>
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	900	m <sup>2</sup> Bustad (privat)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
2		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

## 5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

## 5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei

Ja, avstand: ..... m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei

Ja, avstand: 4 m

*Leidningseigar er rekviert.*

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Dersom delinga føreset veggrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggjast ved.

Er løyve til avkøyrsløse gitt?  Ja  Nei

## 9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk:  Ja  Nei

Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei

Privat vassverk:  Ja  Nei

Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggjast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

\_\_\_ Utvida liste over heimelshavar/rekviertliste

\_\_\_ Situasjonsplan,(reguleringsplan)

4 Fråsegn, samtykkje, løyve *Virett*

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

1a 03 16 Gjenpart av nabovarsel

\_\_\_ Private bruksrettar (servituttar)

3 Dispensasjonssøknad

2 a 03 26 Andre vedlegg: *Kart / Lokalisering av tiltaket*

## 11. Andre opplysningar

## 12. Underskrift av heimelshavar/rekviert

Dato \_\_\_\_\_ Rekvierten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvierten si underskrift

Adresse

*Violet og Arnstein Andersen*

Postnr/stad

*Violet Andersen Antan Hullem*

E-postadresse

*Dore Dragsund*

Telefon

*Gurshøy*

*arnstand@gmail.com*

*93049786*

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekviert)

Dato \_\_\_\_\_ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

*20.09.14*

*Arnstein Andersen*


*Arnstein Andersen*

Postnr/stad

*6080 Gurshøy*

idlegg <sup>2</sup>til splanad om frideling av bustadomt - Vilot og Arnesten Andersson

02.02.2014



Herøy  
kommune

Grunnkart  
Målestokk: 1:750  
Dato 01.02.2014




Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikke kommunen ansvarlig





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2014/256	Saksbeh. HC
22 APR. 2014	
Ark kode P 45/1	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 8
Kassasjon	

**Herøy kommune**  
**Frådeling av bustadtomt gnr45 bnr1 - Violet og Arnstein Andersen**  
**Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)  
fung. samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

**Kopi:**  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	28.02.2014	14229/2014/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	14.04.2014

## **Herøy kommune - frådeling av bustadtomt gbnr 45/1 - Violet og Arnstein Andersen - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ikkje merknader.


Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



45/51

OMSØKT  
TOMT

 **HERØY KOMMUNE**  
12.02.2014 1:500  
Det kan forekomme feil i kartet  
 0 5 20 m



# LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/228
		Arkiv:	13/17

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/14	Maritim og teknisk komite	27.05.2014

### **MARIT BØE 13/17 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN M.M. MED SIKTE PÅ DELING AV GRUNNEIGEDOM.**

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholm, frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådelling av ei bustadtomt på om lag 1500 m<sup>2</sup> frå gnr. 13 bnr. 17 på Leinøy i Herøy.

Grunngjevinga for avslaget er at tiltaket vil innebere vesentleg konflikt med gjeldande planar så vel som strandsonereinteressene i området og at ein dispensasjon heilt klart vil tilsidesetje både dei omsyna det i tilfelle vert dispensert frå og formålsbestemmelsen i lova.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Marit Bøe, Bøvegen 65, 6095 Bølandet

Terje Voldsund, 6094 Leinøy

Oddmund Voldsund, 6094 Leinøy

**Vedlegg:**

Kopi av dispensasjons- og delesøknad m/vedlegg frå Marit Bøe, begge datert 28.01.2014.

Kopi av brev frå Herøy kommune til Marit Bøe, datert 04.02.2014.

Kopi av brev frå Marit Bøe, datert 20.02.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 16.04.2014.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 08.04.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 23.04.2014.

Ortofoto i M 1:1000 som viser lokalisering av omsøkt tiltak.

Utsnitt i M 1:1000 av reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm for det aktuelle området.

Utsnitt frå kommuneplanen i M 1:30000.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Marit Bøe har med utfylt søknadsskjema, datert 28.01.2014, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona med sikte frådeling av ei bustadtomt på om lag 1500 m<sup>2</sup> frå gnr. 13 bnr. 17 på Leinøy. Det er samstundes også søkt om deling for den aktuelle eigedomen. Grunneigaren, Terje Voldsund, har gjennom signert nabovarsel slutta seg til at søknaden kan fremjast. Likeeins har Terje og Oddmund Voldsund underteikna erklæring på at tomte kan tilknyttast eksisterande privatveg og avløpsanlegg i området.

Søknaden vart på vanleg måte sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av av 03.03.2014. Med unntak av Fylkeskommunen har ein no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar.

Når det gjeld Fylkeskommunen så har dei frå 01.03.2014 innført ein ny praksis der dei ikkje gir uttale til saker dei ikkje har merknader til. Dei oppsummerar sitt rundskriv av 12.02.2014 som følgjer: «*Saker vi ikkje har merknader til, vert avskrive utan brev ut. Det inneber at kommunen, dersom brev ikkje er motteke innan utgangen av fristen, kan gjere vedtak med tilvising til at vi ikkje har merknader*». Sidan høyringsfristen var 22.04.2014 er saka såleis no klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:**

Det omsøkte tiltaket ligg mellom FV 18 og sjøen om lag 300 meter søraust for Voldsundneset på Leinøy. I nærområdet til tomte er det etablert 2 bustadeigedomar og ei mindre hamn med naust/sjøbuder. Området her er sikra tilkomst gjennom reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholm.

Med brev av 04.02.2014 fekk sækjar tilbakemeldt at den innsende dispensasjons-søknaden ville verte avvist administrativt og ikkje lagt fram for Maritim og teknisk komite (MTK) til behandling. Dette med tilvising til MTK sine signal om ein strengare praksis for kva saker som skulle fremjast for komiteen medan arbeidet med rulleringa av kommunplanen pågjekk. I særleg grad galdt dette tiltak innanfor 100-metersbeltet i strandsona. Ut over dette vart det også vist til at om lag 650 m<sup>2</sup> av

den omsøkte tomta låg innanfor areal som i godkjend plan for FV 18 Leine – Remøyholm er regulert til vegformål.

Marit Bøe har så med brev av 20.02.2014 klagt på den administrative avvisinga av søknaden og klargjort at ho ønskjer at den vert behandla i MTK. Ho opplyser i same brevet at det ikkje er aktuelt å bygge på tomta i denne omgang og at frådellinga kan skje utan å endre arealbruken i kommuneplanen. Målet i denne omgang er primært å få sletta eit hefte på hovudbruket som gir henne rett til ei bustadtomt.

Med tilvising til ovannemnde vart så søknaden på vanleg måte sendt på høyring til aktuelle instansar med brev av 03.03.2014. Det ligg føre uttalar frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Statens Vegvesen Region Midt
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

#### **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 16.04.2014**

Fylkesmannen peikar innleiingsvis på at frådelling av den aktuelle tomta til bustadformål vil vere i strid både med reguleringsplanen for området, kommuneplanen og strandsonevernet og at attverande areal frå planlagt vegfylling til sjøen vil vere mindre enn 30 meter. Det vert vidare understreka at eit hefte på eigedomen er ei privatrettsleg sak som ikkje gir partane særskilde rettar knytt til kommunen si behandling av saka etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen viser så til det generelle dele- og byggeforbodet i strandsona og til grunngevinga for dette. Dette forbodet skal handhevast strengt og evt. utbygging skal primært skje med basis i bevisst og langsiktig planlegging og ikkje som følge av enkeltvise dispensasjonar. Det er etter Fylkesmannen sitt syn viktig at dei statlege planretningslinene vert lagt til grunn ved behandling av søknaden og at kommunen er seg sitt ansvar bevisst når det gjeld å sikre tilgjengelege strandområde for ålmenta.

Reint konkret viser også Fylkesmannen til at det grunna topografi, fylkesveg og andre byggetiltak i strandsona er lite tilgjengeleg stransoneareal på Leine og at det dessutan vil vere vanskeleg å føre opp ein bustad ved fylkesvegen med tilvising til regulert vegareal og støyproblematikk. Fylkesmannen konkluderar med å frårå søknaden og varslar også at han vil vurdere å påklage eit evt. positivt vedtak i saka.

#### **Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt av 08.04.2014**

Frå Statens Vegvesen si side vert det gjeve ei klar tilbakemelding om at det ikkje er aktuelt å gå inn på ei løysing som inneber dispensasjon frå reguleringsplan FV 18 Leine – Remøyholm med sikte på frådelling av bustadtomt. Formålet med arealbruken som er nedfelt i reguleringsplanen er å legge til rette for ei oppgradering av fylkesvegstrekinga i høve til trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Ut over dette peikar vegvesenet elles på at det ikkje er tilrådeleg å legge til rette for ei bustadtomt på nedsida av fylkesvegen. Dette vil vere ei trafikkalt ugunstig og risikofylt løysing i høve til kryssing av og trafikk på fylkesvegen i og med at det er

regulert gang- og sykkelveg på oppsida av vegen og at busetnaden i all hovudsak er lokalisert på denne side av vegen.

Slik saka ligg føre og med tilvising til bestemmelsane i PBL § 19-2 er det i følgje vegvesenet ikkje grunnlag for å dispensere frå dei aktuelle arealplanane. Statens Vegvesen konkluderar med frårå dispensasjon.

### **Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 23.04.2014**

Landbrukskontoret viser innleiingsvis til at for det omsøkte tiltaket vil det ikkje vere naudsynt med eit vedtak om omdisponering etter § 9 i jordlova, men berre eit delingsvedtak etter § 12.

Når det er sagt peikar Landbrukskontoret vidare på at gnr. 13 bnr. 17 er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom, at arealet som er søkt frådelt, ikkje vil gå ut over dyrka mark og at ei frådeling ikkje vil føre til auka drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området. Frå Landbrukskontoret si side har dei såleis ikkje motforestillingar til frådelinga.

### **Vurdering og konklusjon:**

Gnr. 13 bnr. 17 har eit samla areal på om lag 6,8 da. Av dette er om lag 0,5 da overflatedyrka jord medan resten er kategorisert som anna areal. Når det gjeld den omsøkte tomta på om lag 1500 m<sup>2</sup> så ligg om lag 650 m<sup>2</sup> innanfor areal som i godkjend reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm er regulert til vegformål (veg, busslomme og fylling). Resten, om lag 850 m<sup>2</sup>, er i kommuneplanen avsett til LNF-område.

Med tilvising til ovannemnde vil såleis det aktuelle tiltaket vere avhengig av dispensasjon både frå reguleringsplanen og frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Nærleiken til sjøen tilseier vidare at det her også må gjevast dispensasjon frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. I tillegg må det gjevast samtykke til frådeling i medhald av jordlova § 12.

Landbrukskontoret har ut frå sine ansvarsområde ikkje vesentlege merknader til søknaden. Det same kan seiast om Fylkeskommunen med tilvising til deira nye praksis om å avstå frå uttale for saker dei ikkje har merknader til. Både Fylkesmannen og Statens Vegvesen kjem imidlertid med klare frårådingar til søknaden. Fylkesmannen varslar dessutan at han vil vurdere å påklage eit evt. positivt vedtak i saka.

Med tilvising til opplysningar om at eitt av formåla med frådelinga er å slette eit hefte på skøytet til hovudbruket om at søkjar sin rett til ei bustadtomt, vil ein på same måte som Fylkesmannen vise til at dette er ei privatrettsleg sak som ikkje gir partane særskilde rettar til kommunen si behandling etter plan- og bygningslova. Ein kan etter kommunen sitt syn heller ikkje ta omsyn til at det førebels ikkje er aktuelt å bygge på tomta og at det no gjeld ei frådeling utan endring av arealbruken. Frå kommunen si side må ein behandle saka for det den gjeld, nemleg ein dispensasjon med sikte på frådeling av ei bustadtomt.

Rådmannen vil understreke at ein administrativt har gjeve tilbakemelding om at ein er negativ til den omsøkte dispensasjonen, jfr. kommunen sitt brev til s kjar av 04.02.2014. Dei klare uttalane fr  Fylkesmannen og Statens Vegvesen har p  mange m tar styrka dette synet. Med tanke p  dei form l som skal ivareta av den godkjende reguleringsplanen for FV 18, p  omsynet til strandsona og meir generelt p  bustadlokalisering i h ve til veg- og gangvegnett, er det heilt klar fleire forhold som talar imot enn det som talar for   gi dispensasjon. Etter r dmannen sitt syn vil difor ein dispensasjon heilt klart tilsidesetje b de dei omsyna det i tilfelle vert dispensert fr  og form ls-bestemmelsen i lova. R dmannen konkluderar difor med   fr r  dispensasjon.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Det oms kte tiltaket vert vurdert til ikkje   ha s rskilde konsekvensar for folkehelsa.

**Konsekvensar for beredskap:**

Det oms kte tiltaket vert vurdert til ikkje   ha s rskilde konsekvensar for beredskapen i området.

**Konsekvensar for drift:**

Det oms kte tiltaket vert heller ikkje vurdert til   ha s rskilde driftskonsekvensar.

Fosnav g, 05.05.2014

Erlend Krumsvik  
R dmann

Jarl Martin M ller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten





# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

13

Bnr.

17

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Skille ut bolig tomt frå hovedbruk i henhold til heftelse på skifte til 13-17

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

- Areal formål i kommuneplan
- Dele og byggeforbodet i 100 metersbeltet i strandsona

Grunngjeving:

Ønske om utskilling av Bustad tomt frå hovedbruket. Tomta vert på linje med eksisterande bebyggelse og er ikkje egna til jordbruk.

Varling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: 1

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: 2

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn Marit Karin Bøe

Adresse Bøvegen 65

Postnr. 6095 Postadr. Bølandet

Telefon 70087266

Mobiltilf.

Dato: 28.01.14.

signatur

Marit Karin Bøe

Skriv ut

# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

(W)

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

**Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG**

Plass for kommunens sitt stempel

**HERØY KOMMUNE**  
**RÅDMANNEN**

Reg.nr. 2014/228 Saksbeh. HK

30 JAN. 2014

Ark.kode P 13/17

Ark.kode S

J.nr. Dok.nr. 1

Kassasjon

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
13	17			TERJE VOLOSUND
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL § 20-1)	<input type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:	Sakstype III (Matrikkellova)	<input checked="" type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)
	<input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggselgedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i> ) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punktfeste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. § 31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	1500	m <sup>2</sup> Bustadtomt	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
2		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6		m <sup>2</sup>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

## 5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

## 5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 28-1.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentlig veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggest ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt?  Ja  Nei

## 9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk:  Ja  Nei  
Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei  
Privat vassverk:  Ja  Nei  
Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggest ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggest ved denne søknaden.

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

\_\_\_ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Situasjonsplan, (reguleringsplan)

Fråsegn, samtykkje, løyve

Legg ved evt. tilleggsplysningar som kan opplyse saka.

Gjenpart av nabovarsel

Private bruksrettar (servituttar)

Dispensasjonssøknad

\_\_\_ Andre vedlegg: .....

## 11. Andre opplysningar

## 12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato \_\_\_\_\_ Rekvisenten sitt namn (med blokkbokstavar) \_\_\_\_\_

Rekvirenten si underskrift \_\_\_\_\_

28/1-14 MARIT BØE  
Adresse

Postnr/stad Bøvegen 65  
6095 Bølandet  
Telefon 700 87266

E-postadresse  
marin.boee@kussa.com

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av


Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato \_\_\_\_\_ Betalar sitt namn med blokkbokstavar \_\_\_\_\_

Betalar si underskrift Marit Karin Bøe

28/1-14 MARIT BØE

Postnr/stad Bøvegen 65  
6095 Bølandet




Vedlegg 2


Voldsund 20.11.13

Privat veg/avløp

Vi gir herved Marit Karin Bøe løyve til å knyte seg på privat veg og avløp i høve sin søknad om utskilling av hustomt Grnr/Brnr 15/17

  
Terje Sigmund Voldsund

  
Oddmund Konrad Voldsund



Marit Karin Bøe

Bøvegen 65  
6095 BØLANDET

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/228	13/17		UTV / HR	04.02.2014

### **MARIT BØE 13/17 - VEDK. SØKNAD OM DISPENSASJON MED SIKTE PÅ DELING AV GRUNNEIGEDOM.**

Ein viser til Dykkar søknad, datert 28.01.2014, som gjeld dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona med sikte på frådeling av ei om lag 1500 m<sup>2</sup> stor bustadtomt frå gnr. 13 bnr. 17 på Voldsund i Herøy.

Frå administrasjonen si side vil ein i denne samanheng tilbakemelde at det politiske utvalet som behandlar dispensasjonssaker, Maritim og teknisk komite, har gjeve signal om ein strengare praksis for kva saker som skal fremjast for komiteen medan arbeidet med rulleringa av kommuneplanen er i gang. I særleg grad gjeld dette tiltak innanfor 100-metersbeltet i strandsona på areal som i kommuneplanen ikkje er tiltenkt det omsøkte formålet.

Deler av den omsøkte tomta ligg i område som i gjeldande kommuneplan er avsett til LNF-formål. Forslaget til ny kommuneplan som no har vore ute på høyring/offentleg ettersyn, viser heller ikkje nokon endra arealbruk i det aktuelle området.

Eit viktig moment i tillegg til dette er vidare at om lag 650 m<sup>2</sup> av tomta omfattar areal som i den godkjende reguleringsplanen for FV 18 Leine – Remøyholm er regulert til vegformål (veg, busslomme og fylling). Sistnemnde inneber at saka i tillegg vil vere avhengig av ein dispensasjon frå nemnde reguleringsplan.

Med tilvising til ovannemnde gjer ein Dykk med dette merksam på at innsende dispensasjonssøknad vil verte avvist administrativt og ikkje lagt fram for Maritim og teknisk komite til behandling. Maritim og teknisk komite vil verte informert om denne konklusjonen på sitt neste møte.

Vedlagt følger kartutsnitt i M 1:1000 som viser den omsøkte tomta sett i høve til den ovannemnde reguleringsplanen.

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

Hallvard Rusten  
Sakshandsamar

Kopi:  
Terje Voldsund  
Oddmund Voldsund  
Maritim og teknisk komite

6094 LEINØY  
6094 LEINØY

---

Fra : Marit Karin Bøe  
Bøvegen 65  
6095 Bølandet

(E)

Dato; 20.02.2014

Til; Herøy Komune  
Postboks 274  
N-6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2014/228	Saksbeh. HK
25 FEB. 2014	
Ark.kode P	13/17
Ark.kode S	
J nr	Dok nr 3
Kassasjon	

Klage på avslag vedrørende søknad om dispensasjon med med sikte på deling av grunneiendom saks nr 2014/228 arkiv 13/17

Vil herved klage på avslag på frådelsings søknad på grunn eiendom saksnr 2014/228 og vil be om at dispensasjonen/ frådelinga likevel blir behandla i Maritim og Teknisk kommite.

Det er i denne omgang ikke aktuelt å bygge på tomta.

Eg ynskjer å få frådelt tomta utan å endre arealbruken i kommuneplanen og slik at hefte på hovedbruket kan slettast.

Det er et hefte på hovedbruket om at eg har rett på en hustomt .Eg føler det er viktig å få ryddet opp i dette og skilt ut tomta og sletta hefte slik ikke dette blir til hinder og plage i ettertid.

Håper på positiv tilbakemelding og at klaga blir tatt til følge

Med vennlig hilsen

Marit Karin Bøe

*Marit Karin Bøe*





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 14/228	Saksbeh. HC
23 APR. 2014	
Ark.kode P	13/17
Ark.kode S	
J.nr.	Dok. nr. 7
Kassasjon	

## Herøy kommune

### Deling av grunneigedom gnr13 bnr17 - Marit Bøe

### Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan og pbl § 1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Det er søkt om frådeling av 1,5 dekar stor hustomt med strandlinje i hundremetersbeltet langs sjøen. Store delar av tomte mot fylkesvegen er omfatta av reguleringsplan der arealformålet er vegareal. Attståande areal vil bli liggande mindre enn 30 meter frå sjøen. Frådeling av tomt til bustadformål er både i strid med reguleringsplanen, kommuneplanen og strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8.

Søknaden er fremja på bakgrunn av eit hefte på gnr13 bnr17 som gir søkjar rett til ei hustomt. Det nemnte heftet på eigedomen, er ei privatrettsleg sak som ikkje gir partane særskilte rettar knytt til kommunen si handsaming av saka etter plan- og bygningslova.

#### Natur- og miljøverninteresser

Heile 100-metersbeltet langs sjøen er i utgangspunktet definert som eit område av nasjonal interesse med bygge- og deleforbod (jf. plan- og bygningslova § 1-8). Bakgrunnen for dette forbodet er at den nære strandsona normalt bør haldast fri for bebyggelse ut frå ålmenta sine interesser og av landskaps- og naturfaglege omsyn.

I Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand, blir det påpeika at byggeforbodet i strandsona i utgangspunktet skal handhevast strengt. Der det likevel er aktuelt med utbygging, skal dette skje etter bevisst og langsiktig planlegging og ikkje på grunnlag av enkeltvis dispensasjonar for tiltak. Fylkesmannen viser til dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen. Planretningslinjene skal leggest til grunn ved handsaminga av søknaden. Herøy kommune har som lokal miljøstyresmakt ansvar for den langsiktige forvaltninga av kystsona, og såleis eit særskilt ansvar for å sikre tilgjengelege strandområde til felles bruk for ålmenta.

Eit løyve til frådeling som omsøkt vil legge store føringar for korleis ein vurderer ein eventuell framtidig søknad om bygging av bustad på arealet. På grunn av topografi, fylkesvegen og andre byggetiltak i strandsona, er det lite tilgjengeleg strandsoneareal att på Leine. Omsøkt areal ligg litt nord for bygd areal i søraust. Ein bustad på tomte vil pga

regulert vegareal og støyproblematikk ikkje kunne byggast ved fylkesvegen. Hus og opparbeidd tomteareal vil dermed bli liggande nærare sjøen enn eksisterande bustader og privatisere heile arealet langs sjøen. Vi rår følgeleg frå søknaden.

**Konklusjon**

Fylkesmannen rår ut i frå strandsoneinteressene i frå søknaden, og varslar at vi vil vurdere å påklage eit positivt vedtak i saka.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)  
fung. samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Statens vegvesen

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

(5)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/228	Saksbeh. AK
- 8 APR. 2014	
Ark kode P B/17	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 5
Kassasjon	

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2014/013334-003

Dykkar referanse:  
2014/228

Vår dato:  
08.04.2014

## Fv 18 - Herøy kommune - Gnr. 13 bnr. 17 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen m.m. med sikte på deling av grunneigedom - Marit Bøe - Uttale

Viser til brev av 3.3.2014 frå Herøy kommune.

Saka gjeld dispensasjon frå gjeldande arealplan med sikte på å dele frå og etablere ei bustadtomt på om lag 1500 m<sup>2</sup> frå gnr 13 bnr 17 på Voldsund i Herøy kommune. Om lag 650 m<sup>2</sup> av omsøkte tomteareal er gjennom reguleringsplanen *Fv 18 Leine – Remøyholmen* regulert til vegføremål, medan resterande del av arealet er gjennom kommuneplanen sin arealdel omfatta av arealkategorien LNF-område.

Sett frå Statens vegvesen sin ståstad er det ikkje aktuelt å gå inn på ei løysing der det vert dispensert frå reguleringsplanen *Fv 18 Leine – Remøyholmen* med sikte på frådeling og oppretting av omsøkte bustadtomt. Føremålet med arealbruken nedfelt i reguleringsplanen er utbetring og oppgradering av fylkesvegstrekinga i høve til trafikktryggleik og trafikkavvikling.

Det er vidare ikkje tilrådeleg å leggje til rette på nedsida av fylkesvegen for bustadtomt i tråd med søknaden. Eventuell etablering av bustadtomt her vil trafikalt vere ugunstig og risikofylt i høve til kryssing av og trafikk på fylkesvegen i og med at det er på oppsida av vegen det er regulert inn framtidig gang- og sykkelveg, og elles er busetnaden langs vegen i all hovudsak lokalisert på oppsida av fylkesvegen.

Som kjent står det i § 19-2- i plan- og bygningslova slik: "*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering*".

Slik saka ligg føre finn vi ikkje at det er grunnlag til stades for å dispensere frå aktuelle arealplanar.

./.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen rår etter dette ifrå at det vert dispensert frå arealbruken nedfelt i reg.planen Fv Fv 18 Leine – Remøyholmen og kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådeling og oppretting av omsøkte bustadtomt.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

for *Gitte Beiermann*  
Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

*Hallvard Sæverud*  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr  
2014/228

Arkivkode  
13/17

Dato  
23.04.2014

---

### LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD OM DELING AV GNR 13 BNR 17 TILHØYRANDE MARIT BØE

#### Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådelling av 1,5 dekar frå gnr 13 bnr 17 . Arealet som er søkt frådelt er i hovudsak open grunnlendt fastmark. Det trengs ikkje vedtak etter jordlova § 9 omdisponering, men vedtak etter jordlova §12 deling.

#### Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no) har eigedomen følgjande areal:  
Samla areal på innmark er 0,5 dekar overflatedyrka jord. Anna areal utgjør 6,3 dekar. Totalt areal på eigedomen er 6,8 dekar.

Eigedomen ligg i LNF område i kommuneplanen.

#### Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

*Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.*

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*

*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.*

Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom. Arealet som er søkt frådelt går ikkje ut over den dyrka marka. Ei frådelling vil ikkje føre til auka drifts eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området. Området eigedomen ligg er marginalt i forhold til landbruksdrift.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir ikkje løyve til frådelling av 1,5 dekar som omrøkt frå 13/17, jmf. Jordlova § 12.

Grunngjeving: Området eigedomen ligg er marginalt i forhold til landbruksdrift.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg




OMSØKT  
TOMT

 **HERØY KOMMUNE**

04.02.2014 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet









Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/362
		Arkiv:	21/19

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/14	Maritim og teknisk komite	27.05.2014

### INGLAUG DYBVIK 21/19,36 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV 3 NAUST I REKKJE OG UTLEGGING AV FLYTEBRYGGER.

#### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på oppføring av 3 naust i rekkje og utlegging av flytebrygger på gnr. 21 bnr. 19 og 36 i Frøystadvågen. Når det gjeld vidare behandling av den konkrete byggesaka vil det imidlertid vere eit vilkår at det ligg føre avtale med eigar av gnr. 21 bnr. 1 for den delen av tiltaket som berører denne eigedomen.

Dispensasjonen er grunngjeven med at deler av det aktuelle området i dag vert nytta til det omsøkte formålet og at det i forslaget til justert kommuneplan vert lagt opp til å stadfeste denne arealbruken.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Inglaug Dybvik, Skinnesvegen 33, 6095 Bølandet

Inger Lise Frøystadvåg, Frøystadvågeven 139, 6095 Bølandet

**Vedlegg:**

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg frå Inглаug Dybvik, journalført 21.02.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.04.2014.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 08.04.2014.

Kopi av merknad frå Inger-Lise Frøystadvåg og Per Kristian Frøysa, datert 24.02.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser det omsøkte tiltaket.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Inглаug Dybvik har med utfylt søknadsskjema, journalført 21.02.2014, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av 3 naust og utlegging av flytebrygger på gnr. 21 bnr. 19 og 36 i Frøystadvågen.

Søknaden vart sendt på høyring med brev av 26.02.2014. Med tilvising til at tiltaket berører gnr. 21 bnr. 1 vart kopi av høyringsbrevet også sendt eigar av ovannemnde eigedom, Inger-Lise Frøystadvåg. Ein har no motteke uttale frå tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:**

Kvar av dei omsøkte nausta, som er tenkt oppført i rekkje og med ein avstand på 0,5 meter frå gnr. 21 bnr. 38, er oppgitt med ei grunnflate på 47,5 m<sup>2</sup>. Det ligg føre avtale med eigaren av gnr. 21 bnr. 38 om nemnde plassering. Flytebryggene er begge vist med ei lengde på om lag 15 meter.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

I tillegg til dette er det også motteke ein merknad frå Inger-Lise Frøystadvåg og Per Kristian Frøysa. Frøystadvåg er eigar av gnr. 21 bnr. 1.

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 04.04.2014**

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har vesentlege merknader til dispensasjonssøknaden.

**Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 08.04.2014**

Fylkeskommunen viser til at søknaden er lagt fram for Sjøfartsmuseet i Bergen som ikkje har merknader til saka. Ut over dette har heller ikkje Fylkeskommunen merknader.

## **Merknad frå Inger-Lise Frøystadvåg og Per Kristian Frøysa av 24.02.2014**

I merknaden vert det vist til at tiltakshavar tidlegare har «teke seg til rette» med utfylling i sjøen og bygging av kai på deira eigedom, gnr. 21 bnr. 1. Når det gjeld den no aktuelle søknaden så vert det peika på at deler av nausttrekkja og flytebyggene ligg på deira eigedom. I tilknytning til jordskiftesak nr. 11/1978 er det i følgje Frøystadvåg/Frøysa fastlagt kva for rettar som ligg til gnr. 21 bnr. 19. Dei konkluderar med at dei ikkje kan akseptere dei framlagde planane og krev at kommunen avslår byggesøknaden.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket ligg mellom sjøen og kommunevegen på sørsida av Frøystadvågen. Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og det vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med tilvising til nærleiken til sjøen må saka vidare også behandlast som ein dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8.

Frå kommunen si side vil ein innleiingsvis vise til at ein i dispensasjonssaka berre tek stilling til arealbruken i området. Det kan forøvrig understrekast at det er rett slik Frøystadvåg/Frøysa hevdar at deler av det omsøkte tiltaket ligg på gnr. 21 bnr. 1. Under føresetnad av eit positivt dispensasjonsvedtak vil såleis sjølve byggesaka likevel ikkje kunne behandlast med mindre det ligg føre ein avtale om dette med eigaren av gnr. 21 bnr. 1.

Når det så gjeld sjølve arealbruken så kan det opplyst at deler av området i dag er opparbeidd og vert nytta til naust/småbåtformål. Det omsøkte tiltaket vil såleis i praksis ikkje endre noko på dagens situasjon. Forslaget til justert kommuneplan legg for øvrig opp til å stadfeste denne arealbruken. Med tilvising til at korkje Fylkesmannen eller Fylkeskommunen har merknader til søknaden har såleis heller ikkje kommunen nokon merknad til den omsøkte endra arealbruken for området.

Frå kommunen si side er ein ikkje kjend med at det aktuelle området inneheld spesielle artar eller naturtyper som det må takast omsyn til og tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil ein dispensasjon korkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene. På dette grunnlag vil rådmannen tilrå at det vert gjeve dispensasjon.

Ein vil imidlertid nok ein gong understreke at denne konklusjonen er avgrensa til vurderingar omkring arealbruken og at det vil verte tilrådd å knyte vilkår til dispensasjonsvedtaket som krev avklaringar i høve berørt nabogrunneigar som forutsetning for ei evt. vidare behandling av byggesaka.

### **Konsekvensar for folkehelse:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

**Konsekvensar for beredskap:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha beredskapsmessige konsekvensar.

**Konsekvensar for drift:**

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 30.04.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten



# Søknad om dispensasjon

W

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

21

Bnr.

36/19

Festnr.

Kort omtale av tiltaket:

Oppføring av 3 navst i rekkje.

21 FEB. 2014

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2014/362	Saksbeh. HK
Ark kode P 21/19	
Ark kode S	
d nr.	Dok nr 1
Kassasjon	

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

LNF-formål i kommuneplanens arealdel, og avstandskrav til nabogrense i PBL 2a-4.

Grunngeving:

Området vert i dag nytta til formålet. Det er utlagt flytebruggar i området. Området er i ny kommuneplan vist som nærstområde. Det stod oppført eit navst på eigedomen tidlegare.

Varsling av naboar/gjenbuarar **+ ANSVARRETT.** vedlegg nr.:

1 A. B.

Eventuelle teikningar, kart etc. **+ FRÅSEGN.** vedlegg nr.:

2 A. B. C. og D.

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn

Ingvald Gjebæk

Adresse

Postnr.

Postadr.

Telefon

Mobiltf.

Dato:

signatur

Skriv ut



**Søknad om løyve til tiltak**

etter plan- og bygningslova § 20-1

 Rammeløyve Eitt-stegs søknadsbehandlingEr vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd?  Ja  Nei**Søknad om ansvarsrett før ansvarleg søker**Ligg det føre sentral godkjenning?  Ja  Nei

Dersom nei, legg ved byggblankett 5159.

Berører tiltaket eksisterande eller framtidige arbeidsplassar?  Ja  Nei

Dersom ja, skal samtykke hentast inn frå Arbeidstilsynet før igangsetjing av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminnelova § 25, andre ledd?  Ja  Nei

Dersom ja, skal uttale frå fylkeskommunen ligge føre før igangsetjing av tiltaket.

Opplysningar gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, under dette oppretting eller endring av matrikkeleining, vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	Adresse				Postnr.	Poststad	
Planlagt bruk/formål	<input type="checkbox"/> Bustad	<input type="checkbox"/> Fritidsbustad	<input type="checkbox"/> Garasje	<input checked="" type="checkbox"/> Anna:	Beskriv		Bygn.typekode (jf. s. 2)
					Navst		
Tiltaket si art pbl § 20-1 (fleire kryss mogleg)	Nye bygg og anlegg		<input type="checkbox"/> Nytt bygg *)	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Veg	<input type="checkbox"/> Vesentleg terrenginngrep
	Endring av bygg og anlegg		<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)	<input type="checkbox"/> Fassade			
			<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg	
	Endring av bruk		<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Vesentleg endring av tidlegare drift			
	Riving		<input type="checkbox"/> Heile bygg *)	<input type="checkbox"/> Delar av bygg *)	<input type="checkbox"/> Anlegg		
	Bygn.tekn. Installasj.**)		<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Endring av bruks- eining i bustad		<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Samanføyning			
	Innhegning, skilt		<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.			
Oppretting/ending av matrikkeleining ***)		<input type="checkbox"/> Grunneigedom *)	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring		
*) Byggblankett 5175 skal fyllast ut og leggjast ved. (Vedlegg gruppe A)      **) Gjeld berre når installasjonen ikkje er ein del av eit større tiltak.      ***) Unnateke frå krav om ansvarsrett. Behandlast etter matrikkellova. Registrert eigar skriv under i feltet for tiltakshavar.							

Vedlegg				
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant	
Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket (Byggblankett 5175)	A	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (grunngjeving/vedtak) (pbl kap. 19)	B	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkørselsplan bygning/eigedom	D	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Teikningar	E	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Utgreiingar/kart	F	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Bustadspesifikasjon i Matrikkelen	H	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna offentleg myndigheit	I	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift			
Ansvarleg søker stadfester at heile tiltaket er belagt med ansvar, og dekkjer krava i medhald av plan- og bygningslova. Ein er kjent med reglane om straff og sanksjonar i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjonar dersom det er gitt urette opplysningar.			
Ansvarleg søker for tiltaket		Tiltakshavar	
Føretak	Org.nr.	Namn <i>Ingvald Gjerdet</i>	
Adresse		Adresse	
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	Eventuelt organisasjonsnummer
E-post	E-post		
Dato	Underskrift	Dato	Underskrift
Gjenta med blokkbokstavar		Gjenta med blokkbokstavar	

Vedlegg nr.  
A-



## Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket

Vedlegg til Byggblankett 5174

Beskriving av korleis tiltaket oppfyller byggjesaksføresegnene, planføresegnene og planvedtak etter plan- og bygningslova (pbl) innanfor oppgitte

Opplysningane gjeld						
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.   Kommune
	Adresse				Postnr.	Poststad
	21	30,19				Herøy

Førehandskonferanse	
Pbl § 21-1	Førehandskonferanse er halden og referat ligg føre <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei

Dispensasjonssøknad og avvik frå TEK10					
Pbl Kap. 19	Det blir søkt dispensasjon frå føresegnene i: (grunngjeving for dispensasjon skal gjevast på eige ark)			Vedlegg nr.	
	<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter/ forskrifter til pbl	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplanar	<input type="checkbox"/> Veglova	B -
Pbl § 31-2	Det blir søkt om avvik frå TEK for eksisterande byggverk (pbl § 31-2) Pbl § 31-2			Utgreining i eige vedlegg	Vedlegg nr. B -

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Sett kryss for gjeldande plan						
	<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan						
	Namn på plan						
	K- Plan Herøy arealdel (2004)						
	Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/utbyggingsplan - beskriv						
	Navn st.						
	Vel aktuell kolonne etter berekningsregel oppgitt i gjeldande plan*						
		%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad	
	a. Grad av utnytting iht. gjeldande plan	%	m <sup>2</sup>	%	m <sup>2</sup>		
Tomtearealet	b. Byggeområde/grunneigedom**		m <sup>2</sup>		m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	
	c. Ev. areal som blir trekt frå etter berekn.reglar	-	m <sup>2</sup>	-	m <sup>2</sup>		
	d. Ev. areal som blir lagt til etter berekn.reglar					+ m <sup>2</sup>	
	e. Berekna tomteareal (b - c) eller (b + d)	=	m <sup>2</sup>	=	m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	
Grad av utnytting	Arealnemningar	BYA	BYA	BRA	BRA	BTA	
	f. Berekna maks. byggjereal iht. plan (jf. a. og e.)	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	
	g. Areal eksisterande bygningar	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	
	h. Areal som skal rivast	-	m <sup>2</sup>	-	m <sup>2</sup>	- m <sup>2</sup>	
	i. Areal nye bygningar	+	m <sup>2</sup>	+	m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	
	j. Parkeringsareal på terreng	+	m <sup>2</sup>	+	m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	
	k. Areal byggjesak	=	m <sup>2</sup>	=	m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	
	Berekna grad av utnytting (jf. e. og k.)***	%	m <sup>2</sup>	%	m <sup>2</sup>		
Bygningsoppl ysningar som skal førast i matrikkelen	l. Opne areal som inngår i k		- m <sup>2</sup>		- m <sup>2</sup>		
	j. Parkeringsareal på terreng		- m <sup>2</sup>		- m <sup>2</sup>		
	m. Areal matrikkelen = k - l - j		= m <sup>2</sup>		= m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	
	Tal på etasjar	Tal på brukseiningar bustad	Bustader	m <sup>2</sup>	Bustader	m <sup>2</sup>	Bustader
	Tal på brukseiningar anna	Tal på brukseiningar anna	Anna	m <sup>2</sup>	Anna	m <sup>2</sup>	Anna
			3 > 475				
Utgrellingar	* Skal utrekning av utnyttingsgrad skje etter annan regel, beskriv nærare					Vedlegg nr. D -	
	** Dersom areal i rad b ikkje er framkome av målebrev, beskriv nærare					Vedlegg nr. D -	
	*** Vis ev. underlag for utrekninga av grad av utnytting i vedlegg					Vedlegg nr. D -	
						3. næst i rekke	

Bygningsopplysningar som skal førast i matrikkelen	
Næringsgruppekode <b>A</b>	Oppgi kode for kva næring brukaren av bygninga høyrer til. Bygningar som er nytta til fleire formål skal kodast etter den næringa som tek opp størst del av arealet. <b>Unntak:</b> Næringsgruppekode «X» skal berre nyttast når bygget berre har areal til bustadformål.
Næringsgrupper - gyldige kodar	
A Jordbruk, skogbruk og fiske B Bergverksdrift og utvinning C Industri D Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvassforsyning E Vassforsyning, avløps- og renovasjonsverksemd F Byggje- og anleggsverksemd G Varehandel, reparasjon av motorvogner	H Transport og lagring I Overnattings- og serveringsverksemd J Informasjon og kommunikasjon K Finansierings- og forsikringsverksemd L Omsetning og drift av fast eigedom M Fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting N Forretningsmessig tenesteyting O Offentleg administrasjon og forsvar, trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning
P Undervisning Q Helse- og sosialtjenester R Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar S Anna tenesteyting T Lønna arbeid i private hushald U Internasjonale organisasjonar og organ X Bustad Y Anna som ikkje er næring.	


Plassering av tiltaket	
Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Dersom ja, må avklaring med berørt rettshavar vere dokumentert	Vedlegg nr. Q -
Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Dersom ja, må avklaring med berørt rettshavar vere dokumentert	Vedlegg nr. Q -

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)					
Skal byggverket plasserast i område med fare for:					
<b>Flaum</b> (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutselt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, oppgi tryggleiksklasse: <table border="0"> <tr> <td><input type="checkbox"/> F1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/20 år)</td> <td rowspan="3" style="text-align: right;">Vedlegg nr. F -</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> F2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/200 år)</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> F3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)</td> </tr> </table>	<input type="checkbox"/> F1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/20 år)	Vedlegg nr. F -	<input type="checkbox"/> F2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/200 år)	<input type="checkbox"/> F3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)
<input type="checkbox"/> F1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/20 år)	Vedlegg nr. F -				
<input type="checkbox"/> F2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/200 år)					
<input type="checkbox"/> F3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)					
<b>Skred</b> (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutselt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, oppgi tryggleiksklasse: <table border="0"> <tr> <td><input type="checkbox"/> S1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/100 år)</td> <td rowspan="3" style="text-align: right;">Vedlegg nr. F -</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> S2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> S3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/5000 år)</td> </tr> </table>	<input type="checkbox"/> S1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/100 år)	Vedlegg nr. F -	<input type="checkbox"/> S2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)	<input type="checkbox"/> S3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/5000 år)
<input type="checkbox"/> S1 (liten konsekvens og sannsyn lågare enn 1/100 år)	Vedlegg nr. F -				
<input type="checkbox"/> S2 (middels konsekvens og sannsyn lågare enn 1/1000 år)					
<input type="checkbox"/> S3 (stor konsekvens og sannsyn lågare enn 1/5000 år)					
<b>Andre natur- og miljøtilhøve</b> (pbl § 28-1)	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg <table border="0" style="width: 100%;"> <tr> <td style="text-align: right;">Vedlegg nr. F -</td> </tr> </table>	Vedlegg nr. F -			
Vedlegg nr. F -					


Tilknytning til veg og leidningsnett													
<b>Tilknytning</b> veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <table border="0"> <tr> <td><input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg</td> <td>Er avkøyringsløyve gitt?</td> <td><input checked="" type="checkbox"/> Ja</td> <td><input type="checkbox"/> Nei</td> </tr> <tr> <td><input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg</td> <td>Er avkøyringsløyve gitt?</td> <td><input type="checkbox"/> Ja</td> <td><input type="checkbox"/> Nei</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Privat veg</td> <td>Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring?</td> <td><input type="checkbox"/> Ja</td> <td><input type="checkbox"/> Nei</td> </tr> </table>	<input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg	Er avkøyringsløyve gitt?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg	Er avkøyringsløyve gitt?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Privat veg	Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
<input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg	Er avkøyringsløyve gitt?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei										
<input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg	Er avkøyringsløyve gitt?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei										
<input type="checkbox"/> Privat veg	Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei										
<b>Vassforsyning</b> pbl § 27-1	Tilknytning i forhold til tomta <table border="0"> <tr> <td><input type="checkbox"/> Offentleg vassverk</td> <td><input checked="" type="checkbox"/> Privat vassverk</td> <td rowspan="3" style="text-align: right;">Vedlegg nr. Q -</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn</td> <td>Beskriv</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn</td> <td></td> </tr> </table> Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input checked="" type="checkbox"/> Privat vassverk	Vedlegg nr. Q -	<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn	Beskriv	<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn						
<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input checked="" type="checkbox"/> Privat vassverk	Vedlegg nr. Q -											
<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn	Beskriv												
<input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn													
<b>Avløp</b> pbl § 27-2	Tilknytning i forhold til tomta <table border="0"> <tr> <td><input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg</td> <td><input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg</td> <td>Skal det installerast vassklosett?</td> <td><input type="checkbox"/> Ja</td> <td><input type="checkbox"/> Nei</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Ligg det føre utsleppsløyve?</td> <td><input type="checkbox"/> Ja</td> <td><input type="checkbox"/> Nei</td> </tr> </table> Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Vedlegg nr. Q -	<input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg	Skal det installerast vassklosett?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei			Ligg det føre utsleppsløyve?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
<input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg	Skal det installerast vassklosett?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei									
		Ligg det føre utsleppsløyve?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei									
<b>Overvatn</b>	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng Vedlegg nr. Q -												

Løfteinnretningar	
Er det i bygninga løfteinnretningar som er omfatta av TEK107? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Blir det søkt om å installere slik innretning?: <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, sett X <input type="checkbox"/> Heis <input type="checkbox"/> Trappeheis <input type="checkbox"/> Løfteplattform <input type="checkbox"/> Rulletrapp eller rullande fortau	


VEDLEGG 2.A.




Fasade mot Vest



Fasade mot SØR




Fasade mot Øst



Fasade mot NORD

Arealberegning	Rev	Revisjonsmerknad	Ing. Gale P. Soljeseeth Lynveggen 27 8425 MOLDE	Dato	30.01.14	Tilgjengelighet	Målestokk
	Date						
BYA : 189,0m2			<b>Fasader</b>	Oppdrag			Tilgjengelighet
BRA : 143,5 m2				Byggesadresse			Nybygg Naust 6095 Bølandet
			Gnr:21	Bnr:36/19	Tegning nr		<b>A3-02</b>




Ing. Geir P Seljeseth Lyngvegen 27 6429 MØLDE	Dato 30.01.14 Tegn GPS	Tiltakshaver: <b>Inglaug Dybvik</b> 6095 Bølandet	Målestokk <b>1:500</b>
<b>Situasjonskart</b>		Oppdrag <b>Nybygg Naust</b>	Tiltakshaver: Tlf:41587522 e-mail: perdyb@tussa.com
Gnr:21	Bnr:36/19	Byggeadresse 6095 Bølandet	Tegning nr <b>A4-01</b>




# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato  
04.04.2014  
Dykkar dato  
26.02.2014

Vår ref.   
2014/1578/ASBU/421.3  
Dykkar ref.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2014/362	Saksbeh. AK
- 8 APR. 2014	
Ark.kode P 21/19	
Ark.kode S	
J nr	Dok nr 5
Kassasjon	

**Herøy kommune**  
**Oppføring av 3 naust i rekkje og utlegging av flytebrygger gnr21 bnr19**  
**bnr36 - Inglaug Dybvik**  
**Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

**Kopi:**  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/362	Saksbeh. HR
- 8 APR. 2014	
Ark.kode P	21/19
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 4
Kassasjon	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/362	26.02.2014	14207/2014/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	08.04.2014

**Herøy kommune - oppføring 3 naust og utlegging av flytebrygger -  
gbnr 21/19 og 36 Inglaug Dybvik - fråsegn ved søknad om  
dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Saka er lagt fram for Sjøfartsmuseet i Bergen som i epost stadfestar at dei ikkje har merknad, men viser til den generelle aktsemdsplikta.

Vi har heller ikkje andre merknader.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Per Kristian Frøysa  
6095 BØLANDET

24.02.14

Inglaug Dybvik  
v/ kontaktperson Per Helge Dybvik  
6095 BØLANDET

## **MERKNAD TIL TILTAK PÅ EIGEDOMEN GNR 21, BNR 19 I HERØY**

Viser til nabovarsel vedkomande bygging av 3 naust i rekkje, på tilsaman 169 m2 grunnflate.

Nausta er innteikna på sjøbudtomta gnr 21, bnr 19, som er på totalt 99 m2, med klart definerte grenselinjer i skyldskifte 19.juli 1955. Eigaren av tomta har tidlegare teke seg tilrette med utfylling i sjøen og bygging av kai på vår eigedom gnr 21, bnr 1, langt utover eigedomsgrensene for den frådelt sjøbudtomta. Dette er gjort utan nabovarsel eller løyve frå oss.

Det blir no i tillegg søkt om "oppføring av 3 naust i rekkje på gnr 21, bnr 36".  
Desse nausta er ikkje innteikna på gnr 21, bnr 36, men på 21/19 og vår eigedom 21/1.

Søknaden er vedlagt eit kart der eigedomsgrensa til 21/19 ikkje er innteikna, i forsøk på å skjule det faktum at nausta er innteikna langt utover eigedomsgrensene.

Vedlagt denne merknaden fylgjer kart som viser eigedomsgrensene til 21/19, og skyldskiftet som beskriv grensene.

Vi er kjend med at oppgitt kontaktperson hevdar eigedomsretten til 21/19 strekkjer seg utover dei beskrevne eigedomsgrensene. Denne tolkinga har vi tidlegare klart gitt til kjenne at det ikkje er juridisk grunnlag for. Tvertimot var dette eigedomsspørsmålet omhandla i Nordre Sunnmøre jordskifterett sin grensegang sak nr. 11/1978. Den saka gjaldt grensene for gnr. 21 bnr. 5 og 18, men på side 7 står det fylgjande:

"Under synfaringa er skylddelinga for bnr. 19 vist. Dette gjeld sjøhustomta til Odd Dybvik på sørsida av Valen.....Djupvik gjer ikkje krav på å eige lenger enn til sjøen, med rett til tilflott."

Eigar av 21/19 Odd Djupvik, og selgjarane av tomta Rasmus Frøystadvåg og Jostein Frøystadvåg var alle partar i denne saka, og tilstades under grensgangen. Dersom Odd Djupvik meinte han hadde eigedomsrett som gjekk utover eigedomsgrensene, så måtta han ha protestert på denne formuleringa.

Tilflotrett til ei lita sjøbudtomt gjev ingen eigedomsrett som gjer at det kan byggjast naust, kai og flytebrygger langt inn på vår eigedom.



**Vi kan absolutt ikkje akseptere dei framlagde byggjeplanane, og krev at kommunen avslår byggjesøknaden.**

Med helsing



Per Kristian Frøysa

Inger-Lise Frøystadvåg

Sign.

Kopi til Herøy kommune



21/18

21/7

21/13

21/35

21/19

21/36

21/39

OM SØKT  
OMRÅDE

21/24

21/11

21/32

21/38

HERØY KOMMUNE  
 26.02.2014 1:500  
 Det kan forekomme feil i kartet

# LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/292
		Arkiv:	31/1

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/14	Maritim og teknisk komite	27.05.2014

### GNR 31 BNR 1 -FRÅDELING AV BUSTADTOMT

#### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av ein parsell på gnr. 31 bnr. 1 i Herøy.

Som grunngeving for avslaget vert det vist til ein ikkje kan sjå at det ligg føre fordelar i saka som kan vege opp for dei ulempene som følgjer av vedtaket med omsyn til naturreservatet Myklebustvatnet. Grunnlaget for å gi dispensasjon etter § 19-2 ligg dermed ikkje føre.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunnjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Ola Strand, Borgarhaugvegen 8 , 6091 Fosnavåg  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune

**Vedlegg:**

Søknad med vedlegg

Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune

Fråsegn fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Saksopplysningar:**

Ola Strand søker om frådelling av ein parsell frå gnr 31 bnr 1 på Bergsøya. Parsellen ligg på Hjelmeset og ligg i kommuneplanen sin arealdel ute til bustadområde med plankrav.

Saka er sendt til høyring til regionale instansar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknadar til saka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Fylkesmannen rår i frå dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, og vil vurdere å klage på eit positivt vedtak i saka.

Fylkesmannen viser til omsyna i plan- og bygningslova § 1-8 første ledd (natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser) gjeld og skal også ivareta i 100-metersbeltet langs vatn og vassdrag.

Vidare viser fylkesmannen til at sjølv om frådellinga subjektivt sett ikkje har til hensikt å truge naturmangfaldet eller hindre ei mogeleg framtidig tilrettelegging for friluftsliv og fysisk aktivitet langs Myklebustvatnet, vil frådellinga objektivt sett (som byggeareal i kommuneplanen) legge store føringar for, og forventningar om, framtidig utnytting av eigedomen til bustad.

Fylkesmannen meiner at dei ålmenne interessene, som ein mulig framtidig turveg/-sti, leikeplassar og det biologiske mangfaldet betre vil kunne ivareta gjennom ein formell planprosess og detaljregulering, enn ved dispensasjon. Ut i frå Fylkesmannen sin ståstad kan ein ikkje sjå at det ligg føre fordelar i saka som kan vege opp for dei ulempene som følgjer av vedtaket. Grunnlaget for å gi dispensasjon etter § 19-2 ligg dermed ikkje føre.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Etter administrasjonen si vurdering er ikkje vilkåra for å gi dispensasjon oppfylt i denne saka.

Parsellen som er omsøkt ligg i område lagt ut til bustadføremål med plankrav.

Fylkesmannen viser til i si fråsegn at det ser ut til at det stort sett er einebustader med hage i området og viser til eit stor utbyggingspress i denne delen av kommunen. Ein peikar på at kommunen må sørge for at fortettinga skjer med kvalitet og at born og unge sine behov for trygge uteopphaldsareal utan støy og forureining vert ivaretatt på ein god måte. Fylkesmannen legg til grunn at kanskje ein detaljreguleringsprosess kan ende med at omsøkt areal vil vere det best eigna leikearealet i bustadområdet.

Kommunen legg til grunn i si behandling at søkjar sitt siktemål med delinga er å få sletta eit hefte som vedkjem naturreservatet som ligg på omsøkt areal. Desse opplysningane er gjeve muntleg av søkjar. Altså ei deling til uendra bruk. Området er i dag så godt som utbygd og kun mindre areal kan byggast ut. Ein kan ikkje sjå at det skal vere grunnlag for å kjøre ein reguleringsprosess med siktemål å få delt frå omsøkt areal til uendra bruk.

Ein vurderer det derfor til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå ikkje blir vesentleg satt til side.

Det andre vilkåret for å gi dispensasjon er om fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen skal her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vert vurdert opp mot ulempene.

Som fylkesmannen viser til er arealet forholdsvis langstrakt og smalt, avstanden mellom vernegrensa . Området skrånar ned mot vatnet, og er brattast i nordaust. Det er gjennomført synfaringar tidlegare i dette området for å vurdere om parsellen kan bebyggast. Etter administrasjonen sine vurderingar vil det kun vere heilt i det sørvestre hjørnet av parsellen at ein kan etablere nokon bebyggelse som er tilpassa dagens bygningsmønster. Sakshandsaminga må legge til grunn at det kan kome ein søknad om å få føre opp bebyggelse på parsellen ved eit seinare høve slik fylkesmannen viser til.

Forvaltningsplan for naturreservatet, som mellom anna omhandlar tiltak i randsonene til naturreservatet, og kommunen som miljøstyresmakt for desse områda (sjå forvaltningsplanen kap. 3.5.3) peikar på;

*«Myklebustvatnet ligg som tidlegare nemnt svært nær store bygningsmassar, vegar og andre tekniske anlegg. Dette kan gje uheldige verknader på naturreservatet ved forstyrning, støy, forureining og fysiske endringar. Dersom ein skal ta vare på Myklebustvatnet naturreservat på ein god måte, må ein ta omsyn til dette også ved aktivitetar og tiltak utanfor. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil oppmode grunneigarar, Herøy kommune og andre styresmakter til å vise varsemd også i randsona og nedslagsfeltet til det verna området. Vi syner og her særskild til naturmangfaldlova § 49 "utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde ".»*

Administrasjonen er samd med fylkesmannen sine vurderingar om at både tomteopparbeiding og hagebruk vil kunne medføre tilførsel av næringstoff og framande artar (svartelista) til naturreservatet då tomta skrånar mot reservatet.

Fylkesmannen sine vurderingar kring tursti og at ei frådeling for oppføring av bustadhus her vil kunne gjere det vanskeleg å gjennomføre eit slikt nærmiljøtiltak vil ikkje kommunen stille seg bak. Kommunen har tidlegare gjennom dialog med fylkesmannen kome til at turstien rundt Myklebustvatnet må på delar av strekninga følgje eksisterande infrastruktur. I dette området er det lagt til grunn å nytte dagens kommuneveg.

Ein skal vurdere prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved utøving av offentlig mynde. Administrasjonen er samd med fylkesmannen at Myklebustvatnet er pressa frå mange kantar og verneområdet har ei knapp avgrensing. Ei framtidig tomteopparbeiding og hagebruk vil kunne slå ut negativt for naturreservatet då tomta skrånar ut mot reservatet

Konklusjonen er frå administrasjonen si side at ein ikkje kan sjå at det ligg føre fordelar i saka som kan vege opp for dei ulempene som følgjer av vedtaket med omsyn til Myklebustvatnet. Grunnlaget for å gi dispensasjon etter § 19-2 ligg dermed ikkje føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 08.05.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/292	14.02.2014	10304/2014/DISPENSASJON/1515	Johnny Loen, 71 25 82 88	14.03.2014

## Herøy kommune - frådelling til bustad gbnr 31/1 - Ola Strand - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne på den omsøkte tomte, men området har eit visst potensial for tidlege steinalderbuplassar.

Vi har ikkje heimel til å krevje ei arkeologisk undersøking knytt til sjølve frådellinga, men vi vil likevel rå til at dette forholdet blir avklart før eit eventuelt dispensasjonsvedtak. Alternativt må ein i vedtaket stille krav om at seinare byggesøknad vert oversendt fylkeskommunen, og at forholdet til automatisk freda kulturminne blir avklart før iverksetting av tiltak. Vi gjer merksam på at eventuelle funn kan få verknad for korleis tomte kan nyttast, og at det av den grunn vil vere tenleg med tidleg avklaring.

Vi ber om at søkar tek direkte kontakt med oss for ei eventuell tinging av registrering. Vi gjer merksam på at dette er rekna som eit mindre, privat tiltak, og søkar vil difor ikkje bli belasta med kostnadane knytt til ei slik registrering, jf. kulturminneloven §10, første ledd, tredje punktum.

Vi har ikkje merknader utover dette.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva, 71 25 88 67 / 959 45 835

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



---

Fra: postmottak  
Sendt: 2. april 2014 11:19  
Til: Arkiv  
Kopi: Jarl Martin Møller  
Emne: FW: Herøy kommune - frådeling til bustad gbnr 31/1 - Ola Strand - utfyllande opplysningar vedr. arkeologi - kulturminnefagleg utta

Helsing

HERØY KOMMUNE  
Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

Fra: kristoffer.dahle@mrfylke.no [mailto:kristoffer.dahle@mrfylke.no]  
Sendt: 2. april 2014 10:46  
Til: postmottak  
Emne: Herøy kommune - frådeling til bustad gbnr 31/1 - Ola Strand - utfyllande opplysningar vedr. arkeologi - kulturminnefagleg uttale

Vi viser til vår uttale 14.3.2014, der vi gjev uttrykk for at vi vil stille krav om arkeologisk undersøking ved eventuell bygging.

Som kommunen heilt riktig påpeiker blei det gjort ei registrering i dette området i 2012, og vi vil difor ikkje stille krav om ytterleg.

med vennleg helsing

Kristoffer Dahle



E

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2014/292	Saksbeh. Jm
17 MARS 2014	
Ark. kode P 31/1	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 4
Kassasjon	

## Herøy kommune Frådeling av bustadtomt gnr31 bnr1 - Ola Strand Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Natur- og miljøverninteresser

Det er søkt dispensasjon frå plankravet for frådeling av om lag 2,3 dekar til bustadformål. Omsøkt areal grensar til Myklebustvatnet naturreservat. Myklebustvatnet vart verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.

Arealet er forholdsvis langstrakt og smalt, avstanden mellom vernegrensa og bytet mellom naboeigedomane gnr31 bnr53 og gnr31 bnr35 er om lag 23 meter. Området skrånar ned mot vatnet, og er brattast i nordaust.

Det er nyleg vedtatt ein eigen forvaltningsplan for naturreservatet, som mellom anna omhandlar tiltak i randsonene til naturreservatet, og kommunen som miljøstyresmakt for desse områda (sjå forvaltningsplanen kap. 3.5.3);

*«Myklebustvatnet ligg som tidlegare nemnt svært nær store bygningsmassar, vegar og andre tekniske anlegg. Dette kan gje uheldige verknader på naturreservatet ved forstyrning, støy, forureining og fysiske endringar. Dersom ein skal ta vare på Myklebustvatnet naturreservat på ein god måte, må ein ta omsyn til dette også ved aktivitetar og tiltak utanfor. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil oppmode grunneigarar, Herøy kommune og andre styresmakter til å vise varsemd også i randsona og nedslagsfeltet til det verna området. Vi syner òg her særskild til naturmangfaldlova § 49 "utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde".»*

Tomta hellar mot vatnet, og både tomteopparbeiding og hagebruk vil kunne medføre tilførsel av næringstoff og framande artar (svartelista) til naturreservatet.

Delar av områda rundt vatnet er mykje nytta til rekreasjon i barmarkssesongen, og det er eit ynskje i kommunen at ein kan få etablert ein samanhengande tursti rundt Myklebustvatnet. Denne turstien ligg inne i kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen vil peike på at ei frådeling for oppføring av bustadhus her, vil kunne gjere det vanskeleg å gjennomføringa av eit slikt nærmiljøtiltak. Å legge turstien innafor vernegrensene er i strid med verneforskrifta.

Vi minner om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Myklebustvatnet er pressa frå mange kantar og verneområdet har ei knapp avgrensing. Naturmangfaldlova § 49 skal inngå i

vurderingane av samla belastning opp mot forvaltningsmåla for artar, naturtypar og økosystem (§§ 4 og 5). Det må gå klart fram av saksutgreiing korleis dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingsfeil.

### **Barn og unge sine interesser**

Kommunen må vere merksam på at *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen* også skal leggest til grunn i dispensasjons- og byggesakshandsaminga.

Ut i frå flyfoto ser det ut til at det stort sett er einebustader med hage i området. Det er eit stor utbyggingspress i denne delen av kommunen, og kommunen må sørge for at fortettinga skjer med kvalitet og at born og unge sine behov for trygge uteopphaldsareal utan støy og forureining vert ivarettatt på ein god måte. Kanskje vil ein detaljreguleringsprosess ende med at omsøkt areal vil vere det best eigna leikearealet i bustadområdet? Per i dag er det ikkje lagt inn friområde eller annan grønstruktur i dette området i kommuneplanen sin arealdel.

### **Vurdering**

Omsyna i plan- og bygningslova § 1-8 første ledd (natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser) gjeld og skal også ivaretakast i 100-metersbeltet langs vatn og vassdrag.

Sjølv om frådelinga subjektivt sett ikkje har til hensikt å truge naturmangfaldet eller hindre ei mogeleg framtidig tilrettelegging for friluftsliv og fysisk aktivitet langs Myklebustvatnet, vil frådelinga objektivt sett (som byggeareal i kommuneplanen) legge store føringar for, og forventningar om, framtidig utnytting av eigedomen til bustad.

Fylkesmannen meiner at dei ålmenne interessene, som ein mulig framtidig turveg/-sti, leikeplassar og det biologiske mangfaldet betre vil kunne ivaretakast gjennom ein formell planprosess og detaljregulering, enn ved dispensasjon. Ut i frå merknadane ovanfor kan ikkje Fylkesmannen sjå at det ligg føre fordelar i saka som kan vege opp for dei ulempene som følgjer av vedtaket. Grunnlaget for å gi dispensasjon etter § 19-2 ligg dermed ikkje føre.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen rår i frå dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, og vil vurdere å klage på eit positivt vedtak i saka.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fung. samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Innsendt: 31.01.2014 12:59:35

Ref.nr: ZRTDQS

**Herøy kommune**

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/941	Saksbeh. JMM.
- 3 FEB. 2014	
Ark. kode P 31/1	
Ark. kode S	
Klassasjon	Dok.nr. 3

**Oppmålingsforretning søknadspliktige tiltak - rekvisisjon**

<b>Eiendom/byggested</b>			
Vedlegg nr. J -			
Kommune Herøy		Saksnr.	
Gnr. 31	Bnr. 1	Festenr.	Seksjonsnr.
Adresse Borgarhaugvegen 8		Postnr. 6091	Poststed Fosnavåg

<b>Eier/fester</b>			
Registrert eier/fester er			
<input checked="" type="checkbox"/> Enkeltperson			
<input type="checkbox"/> Foretak			
Etternavn Strand		Fornavn Ola	
Fakturaadresse Borgarhaugvegen 8		Postnr. 6091	Poststed Fosnavåg
Mobilnr. 95013215	E-postadresse ola.strand@mimer.no		

<b>Oppretting av matrikkelenhet</b>
Tiltaket/forretningen gjelder:
Grunneiendom

<b>Saksbehandling</b>
Sakstype
A. Rekvisisjon av oppmålingsforretning ved opprettelse av matrikkelenhet

<b>Sakstype A</b>
Sakstype A medfører iværksetting av arbeid med oppmålingsforretning fra det tidspunkt tillatelse om oppretting eller endring av matrikkelenhet etter pbl § 20-1 pkt. m gis og/eller at vedtatt forhåndsbetalt gebyr er betalt. Det kan etter matrikkellovas § 35 avtales matrikkulering ut over leveringstiden på 16 uker, men ikke lengre enn 2 år. Oppmålingsforretningen tar utgangspunkt i relevante saksdokumenter fra byggesaken.
Ev. kommentarer
Det gjeld frådeling av arealet som ligg sør/aust for vernegrensa mot Myklebustvatnet. Denne parsellen skal oppmålast/frådelast og giast eige gards og bruksnummer.
Den parsellen som skal frådelast gjeld den skraverte delen av innsendt kart.

<b>Spesifikasjon av matrikkelenhet - opprinnelig eiendom</b>
--------------------------------------------------------------

## Oppmålingsforretning søknadspliktige tiltak - rekvisisjon

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Areal	Fradelt areal
31	1			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Areal	Fradelt areal

## Spesifikasjon av matrikkelenhet - ny eiendom

Parsell	Areal	Næringsgruppe	Arealstatus	Reg. eiers navn og adresse
1	3 000		A	Ola Strand, Borgarhaugvegen 8, 6091 Fosnavåg
Parsell	Areal	Næringsgruppe	Arealstatus	Reg. eiers navn og adresse

## Vedleggsoversikt

Vedlegg som skal følge søknaden

 Kart

## Vedlegg

Vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersendes per post
1	gnr 31 bnr 1.pdf	<input type="checkbox"/> Ettersendes per post
Vedlegg	Last opp vedlegg	Ettersendes per post
		<input type="checkbox"/> Ettersendes per post



**HERØY KOMMUNE**  
31.01.2014 1:1000  
Det kan forekomme feil i kartet



A north arrow pointing upwards and a scale bar showing distances from 0 to 40 meters in increments of 10.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/460
		Arkiv:	31/4

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
60/14	Maritim og teknisk komite	27.05.2014

### MESTERHUS VOLDA 31/4 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KRAV OM BYGGING AV GANG- OG SYKKELVEG I REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3

#### Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, dispensasjon frå rekkevidda i rekkjefølgjekravet § 10.2 i reguleringsplan Hjelmset 3 ID201252, med sikte på bygging av gang- og sykkelveg langs FV654 slik det vert søkt om og under følgjande vilkår:

1. Gang- og sykkelvegen inkludert fotgjengarovergang skal detaljprosjekterast etter gjeldande vegnormalar og tekniske planar skal leggest fram og godkjennast av Statens Vegvesen Region Midt før arbeidet kan starte.
2. Dokumentasjon på at Statens Vegvesen godkjenner dei tekniske planane for gang- og sykkelvegen skal leggest fram for Herøy kommune før det vert gitt byggjeløyve til ny gang- og sykkelveg inkludert fotgjengarovergang.
3. Det må dokumenterast at det er gjort naudsynte grunnavtalar med dei eigedomane som blir råka av den regulerte gang- og sykkelvegen, før det kan gjevast byggjeløyve til ny gang- og sykkelveg.
4. Gang- og sykkelvegen inkludert fotgjengarovergang skal vere ferdig opparbeidd før bustadane i området BK 3 og BB kan takast i bruk.

#### Grunngjeving for dispensasjon:

Maritim og teknisk komite legg til grunn at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt i saka. Det blir lagt vekt på kommunen sine overordna målsettingar og ønskjer om fortetting og tilrettelegging for tettare utnytting på sentrale delar av

Bergsøya. Vidare legg komiten vekt på at delvis utbygging av ny gang- og sykkelveg i fotgjengarovergang, blir vurdert som tilfredstillande knytt til den ferdsel som utbygginga generer i området og i høve det behovet som gjer seg gjeldande for ei betring av trafikktryggleik knytt til mjuke trafikantar sin ferdsel. Bygging av gang- og sykkelveg som omsøkt vil legge til rette for tryggare ferdsel langs viktige kommunikasjonsaksar mellom konsentrerte bustadområder og service- / skuletilbod i nærleiken, jfr. kommunen sin tidlegare analyse av ferdselsmønsteret for mjuke trafikantar i dette området. Det blir også lagt vekt på at ein dispensasjon ikkje vil vere til hinder for ei seinare realisering av resterande deler av den regulerte gang- og sykkelvegen langs sørsida av FV654 på Bergsøya, dersom dette blir naudsynt.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**Særutskrift:**

Tømrer Prosjekt AS	Røysbakken 5	6100 VOLDA
Statens Vegvesen Region Midt	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Anleggs- og driftsavdelinga	Her	



**Vedlegg:**

- 01 – Søknad om dispensasjon frå Tømrer Service AS, datert 24.03.2014.
- 02 - Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt,
- 03 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal,
- 04 - Plankart reguleringsplan Hjelmeset 3
- 05 - Føresegner reguleringsplan Hjelmeset 3
- 06 - Snitt-teikning av bustadblokk på Hjelmeset 3
- 07 - Diverse teikningar av bustadblokk på Hjelmeset 3
- 08 - Normalprofil av planlagt gangveg
- 09 - Brev frå Statens Vegvesen til søkjar, datert 15.01.2014.
- 10 - Brev frå Statens Vegvesen til søkjar, datert 24.01.2014.
- 11 - Kartlegging av ferdselsmønster på Hjelmeset, datert 14.11.2011.

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune har motteke søknad om rammeløyve og dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i gjeldande reguleringsplan for Hjelmeset 3. Reguleringsplanen blei godkjent av kommunestyret den 28.02.2013, i K-sak 45/13. Kommunestyret sitt vedtak blei klaga på og klagen blei behandla av kommunestyret i K-sak 99/13, i møte den 29.08.2013, der det tidlegare vedtaket om å godkjenne planen blei opprettheldt. Klagen blei soleis ikkje teke til følgje og sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd. Kommunen har pr dato ikkje motteke avgjerd i klagesak frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Tømrer Service AS søker no om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsplan Hjelmeset 3 ID201252 om at gangveg inkludert fotgjengarovergang skal vere ferdigstilt før det kan flyttast inn i nye bustader i området. Den planlagde gangvegen det her blir vist til, strekk seg utover planområdet for Hjelmeset 3 og omfattar også regulert gangveg i planane Gang og sykkelveg Hjelmeset ID201206 og Reguleringsplan for Verket ID201278, jfr. vedlagt kartutsnitt. Rekkjefølgjekravet om bygging av gang- og sykkelveg i den rekkevidda i føresegnene sin paragraf § 10.2, blei teke inn i reguleringsplanen av kommunen etter motsegn frå Statens Vegvesen Region Midt.

For nærare detaljar blir det vist til opplysningane som ligg til grunn for søknad, samt vedlagt teikningar og kartutsnitt.

Det er kome inn merknad frå Bodil Inger Sævik (eigar av gnr 31 bnr 78) den 05.04.2014, som er sendt Herøy kommune med kopi til ansvarleg søkjar. Nabovarsel frå søkjar er i denne saka sendt rekommandert. Etter plan- og bygningslova har då naboar ein frist på seg til å kome med merknader innan 2 veker etter at varsel er stempla og sendt frå postkontoret. Alle merknader til nabovarsel skal sendast til søkjar som skal gis anledning til å kommentere merknad frå naboar før innsending byggesøknad til kommunen. I denne saka er merknaden frå Bodil Inger Sævik sendt inn for seint og det er ikkje valt å sende inn merknad til ansvarleg søkjar. Kommunen kan på dette grunnlag ikkje ta merknaden opp til behandling.

Søknad om dispensasjon har vore sendt på høyring med frist for uttale sett til 16.05.2014. Ein har motteke følgjande uttalar innan fristen:

#### Statens Vegvesen Region Midt, 09.05.2014:

Vegvesenet viser til at slik tilhøva er på den aktuelle strekninga av fylkesvegen er det utifrå trafikktryggleiken og trafikkavviklinga ikkje tilrådeleg med etablering av bustadblokk med 16 leilegheiter på sørsida av fylkesvegen, på området BB, før gang og sykkelvegløysinga i tråd med kravet i reguleringsplanen er på plass. Dersom det i det heile teke kan vere aktuelt med ei redusert gang og sykkelvegutbygging i høve til kravet i reguleringsplanen, i samband med realiseringa av omsøkte og planlagd bustadbygging, bør i alle fall vegen på strekninga Mjølstadnesvegen (fv. 17) — busslomma ved avkøyringa til Hjelmestvegen byggast.

#### Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 14.05.2014:

Buholmvegen fylkesveg 654 er hovudvegåra til Fosnavåg. Mellom Nedre Hjelmeset og avkøyringa til Verket ligg der eit busstopp utan trygge tilkomstmogelegheter for gåande, og det er på denne strekninga det no er søkt om dispensensasjon frå rekkjefølgjekravet om bygging av gang- og sykkelveg. Fylkesmannen meiner at positivt vedtak i saka vil vere negativt for mjuke trafikantar og særleg for bom og unge som er hyppige brukarar av kollektivtilboda. Fylkesmannen kan difor ikkje tilrå dispensasjon som omsøkt.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen viser til at ein ser vilkåra for å kunne gi dispensasjon som oppfylt i denne saka.

Plan- og bygningslova § 19-2 gir høve til å dispensere frå føresegner fastsett i eller i medhald av lova på nærare vilkår. Det følgjer av § 19-2, 2. ledd at det ikkje kan dispenserast dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet i lova sin formålsparagraf, blir vesentleg sett til side. Vidare går det fram at det skal gjerast ei avveging av omsyna som talar for og imot ein dispensasjon. Det kan berre dispenserast dersom det ligg føre ei klar overvekt av omsyn som talar for ein dispensasjon.

I regulerte områder er det ofte vanleg at det vert stilt rekkjefølgjekrav som sikrar utbygging av nødvendig infrastruktur som t.d gang- og sykkelveg. Intensjonen er at ein her skal sikre interessene til dei mjuke trafikantane og betre trafikktryggleiken i eit område. Bruk av rekkjefølgjekrav i reguleringsplanar skal ha ein sakleg samanheng med den bruk som skal sikrast gjennom planen og tiltak som ein pålegg, skal normalt vere påkravd som følgje av utbygginga. I tillegg skal rekkjefølgjebestemmelsar vere av ein slik karakter at desse må kunne gjennomførast innan rimeleg tid og at dei ikkje skal vere uforholdsmessig tyngande for den som skal gjennomføre reguleringsplanen.

I denne saka er det tale om gjennomføring av ein privat reguleringsplan. Utbyggjar vil ta på seg å bygge deler av regulert gang- og sykkelveg inklusiv kryssingspunkt langs FV 654, for den delen som går frå Mjølstadnesvegen og til Nedre Hjelmesetveg, som nemnt i søknad og som vist på vedlagt kartutsnitt.

I søknaden frå Tømrer Service AS blir det vist til at utbygginga vil føre til at 17 eksisterande bustader og 16 nye bustader i området Nedre Hjelmeset vil få gangveg og trafikksikker kryssing av Buholmvegen og Mjølstadnesvegen. Det blir peika på at denne utbygginga vil vere vesentleg betre enn dagens situasjon – som er utan gangveg og fotgjengarovergang.

Søkjær argumenterer vidare med at bygging av gang- og sykkelveg vil ha klare fordelar i høve helse-, miljø og sikkerheit samt trafikksikkerheit, enn om den ikkje blir utført. Om ei utbygging ikkje blir utført så vil der verken vere gangveg eller sikker fotgjengarovergang for dei som bur i Nedre Hjelmesetveg. Søkjær argumenterer vidare med at det er mangel på tomter og små enkle rimelege bustader på Bergsøya. Bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dei delar av rekkjefølgjebestemmelsar det her søkast om dispensasjon frå. Søkjær hevdar å ikkje kunne sjå at bestemmelsar, eller lovens føremålsparagraf blir vesentleg tilsidesett, og ei utbygging med det som følgjer av framskunding på deler av gang- og sykkelveg med kanskje opptil 10 år, vil ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Kommunen gjorde i samband med utarbeiding av reguleringsplan ei registrering av ferdsmønsteret i området for mjuke trafikantar. Denne vist mellom anna at gåande/syklende som kjem frå reguleringsplanområdet på veg til skule og elles til ulike idretts-/kulturaktivitetar (som ligg i same retning) vil trekke vestover for kryssing av FV 654 ved krysset med Hjelmesetvegen eller ved rundkøyringa. Eit nytt oppmerka kryssingspunkt på austsida av rundkøyringa, slik vist i planforslaget, vert difor vurdert som tilfredsstillande for å ivareta dei utvida behova som måtte dukke opp.

Rådmannen er av den oppfatning av at vilkåra for å kunne gi dispensasjon vil vere oppfylt i denne saka. Dispensasjon frå plan blir vurdert til å ikkje tilsidesette føresegna det her vert dispensert frå eller plan- og bygningslova sin føremålsparagraf. Tiltaket er vurdert til å ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Rådmannen legg i sine vurderingar vekt på dei momenta som søkjær viser til med framskunding og realisering av gang- og sykkelvegen for deler av strekinga, og at dette blir vurdert som positivt i høve dagens trafikksituasjon i området. Bygging av gang- og sykkelvegar langs fylkesvegane er i utgangspunktet vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar. Kommunen er ikkje kjend med at tiltaket ligg inne i Fylkeskommunen sitt investeringsprogram for tiltak på/langs fylkesvegar, slik at det er ukjent evt når det kan skje ei heilskapleg utbygging av ein samanhengande gang- og sykkelveg på Hjelmeset i fylkeskommunal regi. Vidare legg rådmannen vekt på at ein vurderer det som urimeleg tyngande å pålegge søkjær å gjennomføre ei fullskala utbygging av gang- og sykkelvegen etter rekkjefølgjekravet i reguleringsplan, når bustadprosjektet i utgangspunktet ikkje utløyser eit slik behov. Det vert også vist til at den delvise utbygginga av gang- og sykkelvegen, vil stette dei behova som tidlegare er avdekkja i kommunen si analyse av ferdsmønster for gåande og syklende i dette området. Ei delvis utbygging av gang- og sykkelvegen slik det er søkt om, vil heller ikkje vere til hinder for ei seinare realisering av resterande gang- og sykkelveg langs sørsida av FV 654.

Rådmannen ser det som både relevant og naudsynt at utbygging innanfor tilgrensande områder lenger aust, kan bli møtt med krav om bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, slik ein på sikt og som ein konsekvens av ei samla utbygging, vil oppnå ein samanhengande gang- og sykkelveg i dette området.

I høve uttale frå høyringsorgana, oppfattar rådmannen det slik at ingen av desse har stilt seg sterkt kritisk eller negative til søknaden.

Når det gjeld uttale frå Fylkesmannen kring born og unge sine interesser, viser rådmannen til at reguleringsplan har regulert leikeareal i plan og at byggjeprojektet viser eit skjerma areal (gardsplass) som blir skjerma av bustadblokka som er tenkt oppført. Som tidlegare nemnt er det gjennomført ei analyse av ferdselsmønsteret for gåande og syklende i dette området, og søknad om bygging av deler av gang- og sykkelvegen i området vil støtte dei behova som tidlegare er avdekkja i kommunen si analyse av ferdselsmønster for gåande og syklende i dette området.

I forhold til dei momenta som Statens Vegvesen kjem med i sin uttale i høve bygging av gang- og sykkelveg frå gamle Hjelmesetveg og fram til busslomma, viser rådmannen til at ein vurderer det som rimeleg at ein samband med byggesøknader på tilgrensande areal vurderer å stille rekkjefølgjekrav/vilkår om utbygging av denne strekninga før nye bueiningar kan takast i bruk. Av omsyn til likskapsprinsippet, blir bygging av gang- og sykkelvegen på denne måten eit naturleg krav som følgje av utbygging av bustader nær inntil dette arealet. Av omsyn til ovannemnde finn rådmannen det, i denne omgang, ikkje rimeleg å kunne tilrå at søkjar å tek med meir utbyggingsareal knytt til gang- og sykkelveg enn kva som er vist i dispensasjonssøknaden.

Når det gjeld dei vilkåra som er stilt for dispensasjon, ser rådmannen desse som naudsynte overfor Statens Vegvesen som fagmynde. Dette fordi det her er tale om å gjennomføre eit tiltak på fylkesvegnettet. Vilåret om at dei tekniske planane skal godkjennast av vegvesenet er teke inn som eit vilkår for å sikre at gang- og sykkelvegen og fotgjengarovergangen blir bygt i samsvar med den standarden som gjeld for tiltak langs fylkesvegar. Når det gjeld vilåret om grunnavtalar, er dette ein alminneleg føresetnad for bruk av areal til formålet. Utbyggjar må hente inn løyve til bruk av areal før utbygginga kan starte.

Konsekvensar for folkehelse:

**Ingen**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen**

Konsekvensar for drift:

**Ingen**

Fosnavåg, 19.05.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

### Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Andre Gnr/bnr	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	31	4	161, 136, 159	Nedre Hjelmesetveg, 6091 FOSNAVÅG

### Tiltakets art

Søknadstype  
Rammetillatelse

Tiltakstype  
Nytt bygg - Boligformål Veg Parkeringsplass Vesentlig terrenginngrep Nytt anlegg/konstruksjon Grunneiendom

Næringsgruppekode	Anleggstype	Bygningstypekode	Formål
X Bolig	veier	141	bolig garasje annet

Beskrivelse av bruk  
Boligblokk med tilhørende carporter, vei, parkering, gangvei, va anlegg, terreng inngrep, støyskjerm, planering av hage.

### Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Organisasjonsnummer	Telefon
foretak	TØMRER PROSJEKT AS	Røysbakken 5, 6100 VOLDA	993407313	70055910

e-postadresse  
henning@mesterhussunnmøre.no

### Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson	Telefon
TØMRER SERVICE AS	979837682	Røysbakken 5, 6100 VOLDA	Henning Heltne	93212702

Mobiltelefon e-postadresse  
93212702 henning@mesterhussunnmøre.no

### Varsling

Tiltaket krever nabovarsling  
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall  
1

### Søkers vurdering av merknader

1 Stk. Innkommet merknad 24.03.14 3 dager etter fristen var utgådt.  
Marianne Nerland eigar av Gnr 31/8 og 14 på andre siden av Mjølstadnesvegen for tiltaket.

1) Nabo mener at huset er for stort, ikkje passer i området og at det medfører mykje støy. Etter henna syn så er det betre å bygge 2 mans bolig eller 4 mans bolig eller enkelthus i dette området.

Kommentar: Tomta er regulert til Bustdablokk. Det kan ikkje bygges 2 og 4 mans bustader på tomta uten å søke om Dispensasjon. Tiltakshaver ønsker å bygge hus i trå med vedtatt reguleringsplan.

### Følgdebrev

Det søkes om bygging av Boligblokk med 16 leiligheter i trå med reguleringsplan Hjelmeset 3 med tilhørende carporter, vei, parkering, gangvei, fotgjengerovergang, va anlegg, terreng inngrep, støyskjerm, planering av hage. Det søkes om deling av grunneiendom og oppretting av ny matrikkel, Tiltaket vil omfatte eiendomer som tiltakshaver ikkje er eigar av, men som det likevel må gjøres inngrep/bygging på for at forutsetninger i reguleringsplan skal bli stetta.

Tiltakshavr vil ta kontakt med grunneigarar i prosessen for avtaler om grunn/ grunnverv.

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



For dispensasjon sjå egen beskrivelse.

Om en har spørsmål i høve nabovarsel/så vennligst ta kontakt med søker for mer informasjon.

Naboer Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune vil få Byggesaka tilsent på høyring frå Herøy Kommune når byggesøknaden er innsendt.

## Dispensasjonsøknad

### Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i:Arealplaner

Begrunnelse for dispensasjon:

Det visast til Plan- og bygningslova § 19.1.og §19.2. Det søkast om dispensasjon frå delar av reguleringsføresegn § 10.2. i Reguleringsplan Hjelmeset 3.

Det som ein søker dispensasjon i frå er bygging av gang- og sykkelveg mellom Nedre Hjelmesetveg og avkjørsla ved Verket. (Sjå vedlagt oversiktskart)

Det er sendt brev til Møre og Romsdal fylkeskommune / Statens vegvesen med invitasjon og forslag til utbygging av gangveg. Statens vegvesen har gitt tilbakemelding om at gangvegen ikkje er inne i investeringsprogrammet i perioden 2014-2023.

Tømmer Prosjekt As har då prøvd å få grunneigar/vegeigar til å inngå avtale om utbygging av gang- og sykkelveg. Ein har ikkje lukkast med å få til avtale.

Reguleringsplan Hjelmeset 3 er basert på Herøy kommune sin kommuneplan og er fremma som ein privat reguleringsplan. Ein privat reguleringsplan har ei gyldigheit på 5 år Jf. PBL§ 12-4, 5 ledd

Kommune og vegeigar har gitt tilslutning og medverkar til utarbeiding av ein slik reguleringsplan, og planen er godkjent. Grunneigar og dei som har vore med på planen må då kunne pårekne at ein bør få bygd ut tiltak i tråd med planen i løpet av fristen.

Det er urimeleg å krevje at Tømmer Prosjekt As som eig bare ei tomt i planen, skal måtte bygge ein gang- og sykkelveg på ca. 350 meter som råkar 11 forskjellige grunneigarar.

Utbyggjar vil ta på seg bygging av delar av gangvegen. Den går frå Mjølstadnesvegen og til Nedre Hjelmesetveg, inklusiv fotgjengarovergangar. Vegen vil bli bygd i vanleg gangveg standard og vil bli overlevert/skøyta over til Møre og Romsdal Fylkeskommune/ statens vegvesen når vegen er ferdig og før innflytting i nye bustader.

Denne utbygginga vil føre til at 17 eksisterande bustader og 16 nye bustader ved Nedre Hjelmesetveg vil få gangveg og trafikksikker kryssing av Buholmvegen og Mjølstadnes vegen, noko som vil vere vesentleg betre enn dagens situasjon utan gangveg og fotgjengarovergang.

Gangvegen som ikkje blir bygd, frå Nedre Hjelmesetveg og vidare til avkjørsla frå Verket vil vere av liten betydning for dei som bur i Nedre Hjelmesetveg samt den planlagde utbygginga av område BB. Den generelle gang- og sykkelretningar vil vere over ny gangveg/gangfelt og vidare på gangvegen på andre sida av Buholmvegen/Mjølstadnesvegen.

Utbygginga vil ha klare fordelar i høve helse-, miljø og sikkerheit samt trafikksikkerheit, enn om den ikkje blir utført.

Om ei utbygging ikkje blir utført så vil der verken vere gangveg eller sikker fotgjengarovergang for dei som bur i Nedre Hjelmesetveg. Ved ei utbygging så vil ein kunne sikre desse føresetnadane for mjuke trafikantar.

Det er mangel på tomter og små enkle rimelege bustader på Bergsøya. Bygging av bustader bør kunne få ein høgare prioritet i forhold til dei delar av rekkefølgebestemmelser det her søkast om dispensasjon frå.

Ein kan ikkje sjå at bestemmelser, eller lovens føremålbestemmelser blir vesentleg tilsidesett, og ei utbygging med det som følgjer av framskunding på deler av gang- og sykkelveg med kanskje opptil 10 år, vil ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Arealdisponering

### Planstatus mv.

Type plan      Navn på plan  
Reguleringsplan      Hjelmeset 3

Reguleringsformål  
Bolig Blokk, gangvei, annet vei areal, lekeplass, kjøreveg

Beregningsregel angitt i gjeldende plan      Grad av utnyttning iht. gjeldende plan  
%BYA      50%

### Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	2800,00 m <sup>2</sup>
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m <sup>2</sup>
= Beregnet tomteareal	2800,00 m <sup>2</sup>

### Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	1400,00 m <sup>2</sup>
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m <sup>2</sup>
- Areal som skal rives	0,00 m <sup>2</sup>
+ Areal ny bebyggelse	1108,40 m <sup>2</sup>
+ Parkeringsareal	288,00 m <sup>2</sup>
= Sum areal	1396,40 m <sup>2</sup>

### Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning      49,87

### Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje kan være i konflikt med tiltaket, se eget vedlegg.  
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

## Bygningsopplysninger

	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	1108,40	854,00	254,40	1108,40	16	16	32
Åpne arealer/Enheter som fjernes	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Sum	1108,40	854,00	254,40	1108,40	16	16	32

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

## Krav til byggegrunn

### Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

### Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

## Tilknytning til veg og ledningsnett

### Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Tomta har adkomst til privat veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Tinglyst erklæring foreligger.

### Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk

Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy Vasslag

Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

### Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg

Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

### Overvann

Takvann/overvann føres til avløpssystem

## Løfteinnretninger

### Løfteinnretninger

Det er løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen

Det søkes installert :Heis

## Parter

### Andre myndigheter

Navn Statens Vegvesen region midt, Adresse Fylkeshuset Julsundvegen 9, 6404 MOLDE.

Navn Møre og Romsdal Fylkeskommune region midt, Adresse Fylkeshuset, 6404 MOLDE.

## Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C	Gjenpart av nabovarsel med vedlegg som følgde varselet. fasader hus, carporter, situasjonsplan, snitt av tomt, prinsipp detalj støyskjerm, prinsipp detalj gang og sykkelvei, kart som illustrerer dispensasjon, Delingskart	Vedlagt søknaden
Nabomerknader	C	Brev frå Marianne Nerland.	Vedlagt søknaden
Situasjonsplan	D	Situasjonsplan	Vedlagt søknaden
Tegning ny snitt	E	Snitt av tomt	Vedlagt søknaden
Tegning ny fasade	E	Tegninger av hus 1:100	Vedlagt søknaden
Tegning ny fasade	E	Tegninger av Carport 1:100	Vedlagt søknaden



# Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tegning ny snitt	E	Prinsipp tegning av gang og sykkelvei og støyskjerm	Vedlagt søknaden
Redegjørelse - estetikk	E	Brev til Kommune	Vedlagt søknaden
Situasjonskart	F	Veiledande Va plan	Vedlagt søknaden
Situasjonskart	F	Delingskart	Vedlagt søknaden
Situasjonskart	F	Kart som viser dispensasjon	Vedlagt søknaden
Uttalelse fra offentlig myndighet	I		Vedlagt søknaden
Annet	Q	kvittering for søkt sanitærabonnement	Vedlagt søknaden
Annet	Q	kvittering for søkt Vannabonnement	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Avtale Arkeologisk utgraving med Bergen Museum.	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Tinglyst veirett.	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Kart over vatn og avløp ved tomta	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Kart over eletriske ledninger	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Brev til Statens vegvesen invitasjon til samarbeid Bygging av gangvei	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Brev Frå Statens vegvesen avslag på invitasjon	Vedlagt søknaden

## Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

### Ansvarlig søker

Ansvarlig søker bekrefter at tiltakshavers underskrift på en kopi av søknaden kan dokumenteres.

Dato 24.03.2014

Signatur Søknaden er elektronisk signert  
TØMRER SERVICE AS

### Tiltakshaver


Dato \_\_\_\_\_

Signatur \_\_\_\_\_

Gjentas med blokkbokstaver

Tiltakshavar / kunde: Tømrer Prosjekt as	Teikna dato/sign: 05.03.14 <i>M</i>
Byggjeadresse: Gnr 31 del av Bnr 4 Nedre Hjelmsetvei 6092 Fosnavåg	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Snitt av tomt	Målestokk 1: 200
Teikninga tilhøyter: 	

Gangvei bygges i samme høgde som vei






3D PERSPEKTIV 1



3DPERSPEKTIV 2

REV:	DATO:	REVISJON:	SIGN:

**MESTERHUS**  
TØMRER PROSJEKT AS

TILTAKSHAVER:	BYGGEPLASS: Nedre Hjelmeset veg	 Postboks 4104, Terminalveien 10 8089 Boda, tlf. 75 56 51 20 E-mail: post@unikus.no
G.nr/B.nr:		
KOMMUNE: HERØY		

TEGN, INNHOLD:	TILTAKSART:	MÅL:
PERSPEKTIV		
PROSJEKT:	LEILIGHETER	
ARKITEKT:	DATO: 14.06.11	TEGN: SR
	PROSJEKT NR: 10341	TEGN.NR: 09.07



FASADE 1



FASADE 2

© Denne tegning må ikke kopieres eller benyttes ved foretagender som Mesterhus Norge eller utførende tegnekontor ikke medvirker i.

TEGN INNHOLD:	FASADER 1002	TILTAKSART:	MAL:	1 : 100
PROSJEKT:	LEILIGHETER	PROSJEKT NR:	SR	10341
ARROTERT:		TEGN:		
		DATE:	14.06.11	

UNIKUS	Nedre Hjelmeset veg
Prosjekt nr. 10341	
8088 Boks, Wf 75 96 51 20	
Email: post@unikus.no	
BYGGEFUASS:	HERØY
G.mfB nr:	
KOMMUNE:	

REV.	DATE	REVISION	SIGN.

**MESTERHUS**  
TØMRER PROSJEKT AS



FASADE 3



FASADE 4

REV.	DATE	REVISION	SIGN.




ETASJE 2

 TØMRER PROSJEKT AS	REV: DATO: _____ REVISJON: _____ TILTAKSHAVER: _____ BYGGEFELASS: _____ G.nr/B.nr: _____ KOMMUNE: _____	TEGN. INNHOLD: <b>2.ETG</b> PROSJEKT: <b>LEILIGHETER</b> ARKOTEKT: _____	TILTAKSART: _____ MÅL: <b>1 : 100</b> PROSJEKT NR: <b>10341</b> SR: _____ TEGN: _____ DATO: <b>14.06.11</b>	
	Nedre Hjelmeset veg Herøy	Unikus Arkitekt og Tomteplanlegger AS 8088 Boks, Wf 75 56 51 20 E-mail: post@unikus.no	TEGN. NR: _____ TEGNING: <b>09.03</b>	



ETASJE 1

<p><b>MESTERHUS</b> TØMRER PROSJEKT AS</p>	REV: _____	DATE: _____	REVISION: _____	BYGGER/LASS: _____	TILTAKSHVER: _____	TEGN. INNHOLD: <b>1. ETG</b>	TILTAKSART: <b>MAL</b>	MAL: <b>1 : 100</b>
	_____	_____	_____	_____	_____	PROSJEKT: <b>LEILIGHETER</b>	PROSJEKT NR: <b>10341</b>	TEGN. NR: <b>09.02</b>
_____	_____	_____	_____	_____	_____	ARBEITER: _____	TEGN: _____	SR: _____
_____	_____	_____	_____	_____	_____	DATE: <b>14.06.11</b>	TEGN: _____	_____



SNITT A-A

Areal BRA	
Beskrivelse:	Areal:
LEIL.-1	63.6 m <sup>2</sup>
LEIL.-2	64.4 m <sup>2</sup>
LEIL.-3	64.4 m <sup>2</sup>
LEIL.-4	34.1 m <sup>2</sup>
LEIL.-5	68.3 m <sup>2</sup>
LEIL.-6	71.1 m <sup>2</sup>
LEIL.-7	71.4 m <sup>2</sup>
LEIL.-8	69.9 m <sup>2</sup>
LEIL.-9	63.6 m <sup>2</sup>
LEIL.-10	64.4 m <sup>2</sup>
LEIL.-11	64.4 m <sup>2</sup>
LEIL.-12	66.7 m <sup>2</sup>
LEIL.-13	68.2 m <sup>2</sup>
LEIL.-14	70.5 m <sup>2</sup>
LEIL.-15	72.0 m <sup>2</sup>
LEIL.-16	70.3 m <sup>2</sup>
1047.0 m <sup>2</sup>	

Areal BYA	
854 m <sup>2</sup>	

BRANNSIKRINGSTILTAK ER IKKE GJORT


⊗ R=Radonpunkt

**ANMERKNINGER:**

- Risikoklasse: 4 / Brannklasse: 1
- Varmetapsrammer: Isolasjon i hht. TEK §8-21
- Arealer oppsatt i tabell er i hht NS3940
- Arealer angitt i de enkelte rom er oppgitt som faktiske gulvareal.
- I rom under skrå himling kan deler av dette areal ha lavere takhøyde enn 2.4m.
- L = LIMTRE / S = STÅLDRAGER / SK = SKURLAST
- NTO = NETTOMÅL
- Innredninger og sanitrutstyr vist på tegning kun inkludert hvis angitt i kontrakt.
- For symbolforklaringer, se leveringsbeskrivelse.
- Medtatt 4 m snøfangere.


REV:	DATO:	REVISJON:	SIGN:

**MESTERHUS**  
TØMRER PROSJEKT AS

TILTAKSHAVER:	BYGGEPLASS: Nedre Hjelmeset veg	 Postboks 4104, Terminalveien 10 8089 Bodø, tlf. 75 56 51 20 E-mail: post@unikus.no
G.nr/B.nr:		
KOMMUNE:	HERØY	

TEGN, INNHOLD:	TILTAKSART:	MÅL:
SNITT		1 : 100
PROSJEKT:	LEILIGHETER	
ARKITEKT:	DATO:	TEGN:
	14.06.11	SR
PROSJEKT NR:	TEGN NR:	
10341	09.01	





**TEIKNFORKLARING**

- BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)**
- Boligbebyggelse - fritliggende småhusbebyggelse
  - Boligbebyggelse - konsentrert småhusbebyggelse
  - Boligbebyggelse - blokkbebyggelse
  - Lekeplass
- SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)**
- Veg
  - Kjøreveg
  - Gang/sykelveg
  - Annen veggrunn - grøntareal
- LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §12-5 NR.5)**
- Landbruks-, natur-, og friluftsområder samt reindrift
- HENSYNSSONER (PBL §12-6)**
- Sikringsone - Frisikt
  - Støysone - Rød sone iht. T-1442
  - Støysone - Gul sone iht. T-1442
  - Angitthensynsone - Bevaring kulturmiljø
  - Båndlegging etter lov om kulturminner
- Juridiske linjer og punkt**
- Planens begrensning
  - Formålsgrense
  - Sikringsonegrense
  - Støysonegrense
  - Angitthensynsgrense
  - Båndlegginggrense nåværende
  - Bestemmelsegrense
  - Frisiktslinje
  - Byggegrense
  - Bebyggelse som inngår i planen
  - Regulert senterlinje
  - Regulert kant kjørebane
  - Regulert fotgjengerfelt
  - Regulert støyskjerm
  - Målelinje/Avstandslinje
  - Avkjørsel
- Eierform:**  
o\_ = Offentleg formål  
f\_ = Felles privat formål

**Kartopplysninger**  
 Kilde for basiskart: Geovekst AS  
 Dato for basiskart: Mars 2013  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89  
 Høydegrunnlag: NN 1954

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Ekvidistanse 1 meter  
 Kartmålestokk 1:1000 (A2)

0 10 20 30 40 m

N

**DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3**  
**Hjelmeseth 3**  
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: 201252  
 Forslagsstiller: Tømrrer Service AS  
 Kartprodusent: Tegra AS

Revisjon av plankart	SAK	DATO	SIGN.
A Utvidning av planområde jf. krav frå kulturavdelning		30.10.12	AF
B Endring av grensene for kulturminner ID 144380 og 144381		15.1.13	AF
C			
<b>SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN</b>	<b>SAK</b>	<b>DATO</b>	<b>SIGN.</b>
<b>Kommunestyrets vedtak:</b>	<b>29/13</b>	<b>28.2.13</b>	<b>BSS</b>
2. gongs behandling i Formannskapet	45/13	19.2.13	BSS
Offentlig ettersyn fra 09.5.2011 til 20.6.2011			
1. gongs behandling i Formannskapet	98/11	29.3.11	HR
Kunngjøring av oppstart planarbeidet		29.1.10	
<b>PLANEN UTARBEIDET AV:</b> Tegra AS	<b>PLANNR.</b>	<b>TEGNR.</b>	<b>SAKSBEH.</b>
	-		BSS

# FØRESEGNER

REGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3, GNR. 31 BNR. 2, 4 M.FL.

## HERØY KOMMUNE

Føresegner datert 7. 3.2011, revidert 19. 1.2012, 30.10.2012 og 15.1.2013.

Plankart, datert 19. 5.2011, revidert 12.11.2010, 7. 3.2011, 30.10.2012 og 15.1.2013.

Reguleringsføresegnene er heimla i plan- og bygningslova § 12-7.

### § 1 GENERELT

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som er bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter samt vedtekter til plan- og bygningslova, vedtekne av kommunestyret i Herøy.
- 1.3 Etter at reguleringsplanen er vedteken er det innan planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med føresegnene.
- 1.4 Området er regulert til følgjande formål:

#### **Busetnad og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)**

- Bustadbebyggelse - frittliggande småhusbusetnad (BF)
- Bustadbebyggelse - konsentrert småhusbusetnad (BK)
- Bustadbebyggelse - blokkbebyggelse (BB)
- Leikeplass (L)

#### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)**

- Felles avkøyrsløp (A1)
- Køyreveg (V)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – grøntareal (VAG)

## **Landbruks-, natur- og friluftsmål (PBL § 12-5, nr. 5)**

- Landbruks-, natur- og friluftsområde

## **Omsynssoner (PBL § 12-6, jf. PBL § 11.8)**

- Omsynssone Støy
- Omsynssone Frisikt
- Omsynssone Kulturmiljø

## **§ 2 FELLESFØRESEGNER**

### **2.1 Busetnad og anlegg**

- 2.1.1 Busetnad og anlegg skal plasserast innanfor viste byggegrenser i felta. Mindre utbygg som trapp, karnapp, balkong, takutstikk og liknande kan ligge utanfor byggegrensa.
- 2.1.2 Ved utrekning av tomteutnytting (BYA) skal rettleiar for "grad av utnytting" til tekniske forskrifter leggest til grunn.
- 2.1.3 Kommunen skal ved behandling av byggemeldingar godkjenne busetnaden si utforming, materialbehandling og tilstelling av ubebygd areal samt sjå til at bygningar i same felt får ei harmonisk og god utføring med omsyn til takvinklar, materialbruk m.m. Tilsvarande krav gjeld også for garasjar, uthus og liknande.
- 2.1.4 Det skal ikkje gjevast byggeløyve før det ligg føre ein godkjend, samla situasjonsplan/utomhusplan for kvart område og som viser busetnaden, tilkomst, parkering, gangveg, stiar, leikeplassar samt terrengbehandling (eksisterande og ny koting).
- 2.1.5 Som grenseverdiar for trafikkstøy for innandørs og utandørs bustadareal gjeld Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Ved byggemelding innanfor dei ulike delområda skal det dokumenterast tiltak mot støy som stettar desse krava. Skjermingstiltak i fasaden på nye hus skal utførast i samsvar med NS 8175 og T-1442. Er trafikksituasjonen på tilgrensande vegar endra etter at reguleringsplanen er godkjend så må det ved byggemelding vere utført ny støyutrekning og med tilhøyrande reviderte tiltak.

## 2.2 Parkering

- 2.2.1 For kvart husvære skal det setjast av 2 parkeringsplassar og der ein av desse plassane skal vere i garasje/carport. Garasjar/carportar kan ligge nærare veg enn byggegrensa viser dersom desse ligg inntil eller inngår som del av støyskjerminga for busetnaden. Kommunen si parkeringsvedtekt skal følgjast.

### **§ 3 FRITTLIGGANDE SMÅHUSBUSETNAD (BF 1, BF 2,)**

- 3.1 I område for frittliggande småhusbusetnad kan det oppførast hus med inntil 2 einingar i kvart hus. Maks. tillate utnytingsgrad ( BYA) er 35%.
- 3.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga.
- 3.3 Ved byggemelding for bustadhus skal det på situasjonsplanen visast plassering av garasje/carport, sjølv om dette ikkje skal oppførast samtidig med bustaden. Garasjar skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 36 grader. Garasjane/carportane skal ikkje overstige 45 m<sup>2</sup> og det er ikkje tillate med innreidd loft eller med takvindauge på garasjar.

### **§ 4 KONSENTRERT SMÅHUSBUSETNAD (BK 1, BK 2, BK 3)**

- 4.1 I område for konsentrert småhusbusetnad kan det oppførast bustadhus med inntil 4 einingar i kvart hus. På område BK 3 kan det oppførast maks. 16 husvære. Maks. tillate utnytingsgrad (BYA) er 40 %.
- 4.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjar med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygning. Garasjar kan ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjane/carportane skal oppførast som fellesanlegg.
- 4.3 Ved utbygging av område BK 3 skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreducerande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasser slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk.

## **§ 5 BLOKKBEBYGGELSE (BB)**

- 5.1 I område for blokkbebyggelse kan det oppførast rekkehus/lavblokk med inntil 17 husvære. Maks. tillate utnyttingsgrad ( BYA) er 50%.
- 5.2 Busetnaden kan ha inntil 2 etasjer med maks. gesimshøgde på 6,5 m og maks. mønehøgde på 9 m, målt i høve til gjennomsnittleg planert terreng rundt bygninga. Garasjer skal ha maks. gesimshøgde på 2,7 m og maks. takvinkel på 22 grader. Garasjene/carportane skal oppførast som fellesanlegg.
- 5.3 Ved utbygging av område BB skal det byggast støyskjerm mot Buholmvegen (FV 654) og Mjølstadnesvegen (FV 17). Støyskjermen skal ha ei høgde på minimum 2 m over terreng. Garasjar/carportar kan oppførast inntil støyskjerm eller inngå som ein del av støyskjermen. Det skal i tillegg og ved dokumentert behov iverksetjast støyreducerande tiltak i fasadar og på uteopphaldsplasser slik at krava i T-1442 er stetta før bustadane vert tekne i bruk. Veranda på bustadbygget skal vende bort frå veg.

## **§ 6 LEIKEPLASSAR**

- 6.1 Regulerte leikeplassar skal opparbeidast i samsvar med planen og tilsåast og beplantast slik at områda får ei tiltalende utforming. Areal ute i kvart einskildt område skal vere opparbeidd før busetnaden i feltet vert teke i bruk. Områda skal brukast til leik og det er berre tillate å setje opp utstyr eller anlegg som skal nyttast eller kan knytast til barneleik. Høge skjæringar og støttemurer skal sikrast med gjerde.
- 6.2 Leik 1 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BK 1 og BB. Det skal byggast støyskjerm mot Mjølstadnesvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk.
- 6.3 Leik 2 er felles for eigedomane som inngår i bustadområda BF 1, BF 2 og BK 2.
- 6.4 Leik 3 er felles for eigedomane som inngår i bustadområdet BK 3. Det skal byggast støyskjerming mot Buholmvegen slik at krava i T-1442 vert stetta før leikeplassen vert teken i bruk. Området skal senkast til kote 5,5 og lukkast mot vegen med ein støyvoll på 1,5 m over planert terreng i kombinasjon med ein 1 m høg støyskjerm på toppen.

## **§ 7 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

- 7.1 Køyrevegar, gang- og sykkelvegar, busslomme og avkøyrslar skal leggst som vist på planen. V1, V4 og V5 samt gang- og sykkelvegen skal vere offentleg veg. V2, V3 og A1 skal vere privat veg. Grøfter, skråningar og anna trafikkareal skal tilplantast eller behandlast på ein tiltalande måte.
- 7.2 I frisktsoner skal det ikkje vere sikthindringar i ei høgde på 0.5 m frå køyrebane. Det er ikkje tillate med beplanting og gjerde som hindrar fri sikt.

## **§ 8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL**

- 8.1 Naturleg vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje lov gjere inngrep i grunnen som kan skade automatisk freda kulturminne.

## **§ 9 OMSYNSSONER**

- 9.1 Areal innanfor omsynssoner for støy kan ikkje reknast som uteopphaldsareal.
- 9.2 Innanfor omsynssoner for friskt skal det ikkje vere sikthindring i ei høgde over 0,5 meter frå køyrebane.
- 9.3 Bevaring kulturmiljø (H570) og bandlegging (H730) (pbl §12-6, jf. §11-8c og d) Innanfor området ligg automatisk freda kulturminne, Askeladden ID 109888. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminner eller framkalla fare for at det kan skje.
- 9.4 For områda RpBg-ID144379 og RpBg-ID144380 gjeld følgjande:  
Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen nordaust for nedre Hjelmeseth-vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av dei berørte automatisk freda kulturminna (id.nr 144379 og 144380) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

For område RpBg-ID144381 gjeld følgjande:

Før iverksetjing av tiltak i samsvar med reguleringsplanen sørvest for nedre Hjelmeseth vegen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det berørte automatisk freda kulturminnet (id.nr 144381) i planområdet.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

## § 10 REKKEFØLGJEBESTEMMELSAR

- 10.1 Før opparbeiding av området og bygging av bustadane kan starte må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale med Herøy kommune.
- 10.2 Gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrsløse mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på områda BK 3 og BB kan takast i bruk.
- 10.3 Før iverksetjing av bustadbygging på områda BK3 og BB skal registrerte automatisk freda kulturminne nærare undersøkjast og gravast ut. På plankartet er desse merka RpBg med slike ID nr: RpBg144379, RpBg144380 og RpBg144381. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal Fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

Godkjent i Herøy kommunestyre 28.2.2013, sak 29/13.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_ / \_\_\_\_ 20\_\_\_\_

\_\_\_\_\_


rådmann/ordfører

Buholmvegen


Gangvei 3000

2%

Støyskjerm



### Gangveg



50 m.m. slitelag Agb16 (120 kg m<sup>2</sup>)


80 m.m. nedre bærelag av knust fjell fraksjon 0-32 m.m.

400 m.m. Forsterkingslag av Sprengt fjell fraksjon 20-90 m.m.

Underbyggingsmasser av velgraderte drenerende evt. stedligge masser.

Tiltakshavar / kunde: Tømrer Prosjekt as	Teikna dato/sign. 05.03.14 
Byggjeadresse: Gnr 31 del av Bnr 4 Nedre Hjelmesetvei 6092 Fosnavåg	Revidert dato/sign.:
Type teikning: Prinsippdetalj gang og sykkelvei Prinsippdetalj Støyskjerm	Målestokk 1: 50/ 1: 20
Teikninga tilhører:	





**Statens Vegvesen region Midt**  
**Julsundvegen 9**  
**6412 Molde**

Dato: 15.01.2014  
Dykkar ref.: Statens Vegvesen  
Vår ref.: *Henning Heltne*

**Ønske om dialog i høve utbygging av gangvei på Hjelmset i Herøy.**  
**(Utbyggingsavtale)**

Inledning:

Tømmer Prosjekt AS er eit utbyggingsfirma med tilhaldsstad i Volda. Vi eig ei tomt Gnr 31 Bnr 4 i Herøy som ligg innanfor reguleringsplan Hjeleset 3 (sjå kart)  
Vi har også eit Entreprenørfirma som heiter Tømmer Service AS som kan stå som prosjekterende og utførende av vei og teknisk infrastruktur. Vi bygger ca. 70 boliger i året. Og pr. dato så har vi utbyggingsavtale med fleire kommuner på utbygging av vei og teknisk infrastruktur i byggefelt i trå med kommunal standard. Dette med hjelp av dyktige maskin entreprenører. .

Tomt og byggeområde reguleringsplaner:

I reguleringsplanen som vår tomt ligg i Hjelmset 3 ID201252 så er der eit rekkefølge krav som seier at gangveg langs Mjølstadnes vegen inkl. fotgjengar overgangar skal være ferdig bygget før det kan flyttast inn i nye bustader i området. Gangvei fram til krysset til borgarhaugvegen går også over reguleringsplan gang og sykkelveg Hjelmset ID201206 og Reguleringsplan Verket ID 201278 ( sjå kart )

Herøy kommune:

Vi har meldt oppstart av forhandlingar utbyggingsavtale PBL § 17 med Herøy Kommune og vi har vært på forhandlingsmøte med Herøy kommune. ( Tilstede var Lene Huldal og Jan Rune Våge) Kommunens standpunkt var at kommunen ikke treng/ ønsker noen utbyggingsavtale på grunn av at dette ikkje er noen kommunal vei. Dei ba oss ta kontakt med veg eigar Møre og Romsdal Fylkeskommune eller Statens vegvesen.

Eiendomer:

Planlagt gangvei går over mange forskjellige private eiendomer. Det har etter det vi kjenner til vært liten støy i høve vedtak av reguleringsplaner. For oss så virker det som om der er ei forståing i nabolaget på at gangveg er nødvendig  
følgende eiendomer med ca. areal inngår i gangveiplanane. ( kommunalt areal ikkje medtatt)

31/4 areal ca 580 m2 Vår byggetomt  
31/161 areal ca 120 m2  
31/37 areal ca 170 m2  
31/134 areal ca 230 m2  
31/2 areal ca 380 m2  
31/137 areal ca 520 m2  
29/226 areal ca 150 m2  
29/20 areal ca 137 m2  
29/263 areal ca 35 m2  
29/309 areal ca 160m2  
29/101 areal ca 160 m2

Tømrer Prosjekt as ønsker dialog med Statens vegvesen/ Møre og Romsdal fylkeskommune på korleis en kan få bygget gangveien slik at vi også kan få bygget boligane på vår tomt.

Vår byggetomt er bare en liten del av eit stort område. Planlagt gangvei skal også være der for eit større etablert bustadområde samt eit større framtidig utbyggingsområde som er vist i kommuneplanen for Herøy. Vi har ikke mulighet til å koste og betale hele gangveien. Det er vel heller ikkje meninga da veien skal serve eit mykje større område en den tomta som vi sjal bygge hus på.

---

Vi er løsningsorientert og ser for oss forskjellige modeller for bygging av gangveg. Vi ønsker dialog med dere om løysingar også andre løysningar en det som er spesifisert kan være aktuelt  
Kommer en fram til løysingar så kan dette være positivt for kostnadsbilde for Fyket eller statens vegvesen en om en evt. skal bygge gangvegen seinare.

#### Alternativ 1

Tømrer Prosjekt as står for utbygging av gangvei på vår eigedom 31/4 og naboeiendom 31/161 fram til Nedre Hjelmesetveg. Dette kan vi gjere vederlagsfritt i trå med statens vegvesens standarder og vi vil skjøte over vei og eigedom til Statens vegvesen når tiltaket er ferdig. Gangtilkomst til utbyggingsområde er da sikra. Statens vegvesen / Møre og Romsdal fylkeskommune må da gi oss dispensasjon frå rekkefølgebestemmelse i plan §10.2 ( vedlegg)

#### Alternativ 2

Statens vegvesen/ Møre og Romsdal fylkeskommune tar på seg å stå for å bygge gangveien i hele lengda.


Tømrer Prosjekt AS betaler og forskoterer utbyggingskostnadene inntil Statens vegvesen/ Møre og Romsdal fylkeskommune Har fått kostnadane til vei inn i sine budsjett. Der må da inngåast en leige avtale/ alternativ rente avtale for det som veien har kostet, fram til evt. betaling.

Alternativ 3

Det inngås samarbeid Med Tømrer Prosjekt as om utbygging og drift av gangvegen. Tømrer Prosjekt står da som grunn erverv og som totalutbygger av vei samt drift og vedlikehold. Det inngås da en leigekontrakt mellom Statens vegvesen/Møre og Romsdal fylkeskommune og Tømrer Prosjekt på dette.

Vedlagt kart samt reguleringsføresegn  
Vi ser fram til en konstruktiv dialog

Venleg helsing



---


*Henning Heltne*  
Dagleg leiar  
Tømrer Prosjekt AS


**MESTERHUS**  
www.mesterhus.no


Postadresse: Røysbakken 5 6100 VOLDA  
E-Post: henning@mesterhussunnmore.no

Telefon: 700 55910  
Faks: 700 55912

Org. nr.: NO 979 837 682 MVA  
Bankgiro: 3991.05.53821







Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.

## § 10 REKKEFØLGJEBESTEMMELSAR

- 10.1 Før opparbeiding av området og bygging av bustadane kan starte må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale med Herøy kommune.
- 10.2 Gang- og sykkelvegen mellom Mjølstadnesvegen (V5) og avkøyrse mot Verket inkl. fotgjengarkryssingane over Mjølstadnesvegen og Buholmvegen skal vere utbygt før bustadane på områda BK 3 og BB kan takast i bruk.
- 10.3 Før iverksetjing av bustadbygging på områda BK3 og BB skal registrerte automatisk freda kulturminne nærare undersøkjast og gravast ut. På plankartet er desse merka RpBg med slike ID nr: RpBg144379, RpBg144380 og RpBg144381. Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal Fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan fastsetjast.

Godkjent i Herøy kommunestyre 28.2.2013, sak 29/13.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_ / \_\_\_\_ 20\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

rådmann/ordfører





## Statens vegvesen

Tømrer Prosjekt AS  
Røysbakken 5  
6100 VOLDA

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2014/007079-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.01.2014

### **Fv. 654 - Herøy kommune - Tilbakemelding på ønske om dialog med sikte på bygging av gangveg på Hjelmeset**


Viser til brev av 15.1.2014 frå Tømrer Prosjekt AS v/ Henning Helte med spørsmål om dialog med sikte på bygging av regulert gangsvveg langs fylkesveg 654 på Hjelmeset i Herøy kommune.

Bygginga av regulert gangvegsløysing er ikkje er med i investeringsprogrammet perioden 2014 - 2023 til vegeigar Møre og Romsdal fylkeskommune.

Frå fylkeskommunen si side vert det praktisert ein praksis der det ikkje vert gått inn på løysingar med forskottering av vegprosjekt som ikkje er prioritert i investeringsprogrammet i 10- års perioden.

Basert på ovannemnde finn vi frå Statens vegvesen si side - på noverande tidspunkt - ikkje grunnlag og føremålstenleg å ta opp ein nærare dialog med tanke på ei forskotteringsløysing av bygginga av aktuelle gangvegstreking.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

  
Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Herøy kommune

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

UBU

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2014/460	Saksbeh. AZJ
14 MAI 2014	
Ark.kode P 31/4	
Ark.kode S	
J nr	Dok nr
Kassasjon	

## Herøy kommune Dispensasjon frå rekkjefølgjekravet om bygging av deler av gangveg langs Fv 654 i reguleringsplan for Hjelmeset 3 - gnr31 bnr4 Fråsegn til dispensasjon frå reguleringsplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Barn og unge sine interesser

